

A man is sitting on a large, grey rock on a mountain peak. He is shirtless, wearing khaki pants and brown boots. He is holding binoculars to his eyes and looking out over a vast, scenic landscape. The landscape consists of rolling green mountains with patches of snow, a large blue lake, and a smaller island in the distance. The sky is blue with white clouds.

FORSLAG TIL
VERNEPLAN
FOR

SETESDAL VESTHEI RYFYLKEHEIANE

AV 7. SEPTEMBER 1995

FYLKESMENNENE I AUST-AGDER, VEST-AGDER
OG ROGALAND

FORSLAG TIL
VERNEPLAN

FOR

**SETESDAL VESTHEI-
RYFYLKEHEIANE**

av 7. sept. 1995

Fylkesmennene i

Aust -Agder, Vest-Agder og Rogaland

FØREORD

Utarbeiding av ein verneplan med heimel i naturvern- og viltlova for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane er eit oppdrag frå Miljøverndepartementet til Fylkesmennene i Agderfylka og Rogaland gitt i brev av 9. mars 1989. Fylkesmannen i Rogaland har allerede utarbeidd framlegg til verneplanar for nordre deler av heiområdet. Rogaland har difor berre med mindre areal i denne verneplanen. Før utarbeiding av verneplanforslag for Agderdelen av heiområdet, vart ein samde om å lage ein fleirbruksplan som skulle avklare forholdet mellom bruk og vern i heile heiområdet.. Dette framlegget til verneplan for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane bygger på intensjonane i fleirbruksplanen og på St. meld. 62 (1991-1992) «Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder i Norge».

Miljøverndepartementet har bede om at fleirbruksplanen vert formalisert i ein verneplan etter naturvernlova og viltlova og ein fylkesdelplan etter plan- og bygningslova. Fylkesdelplanen skal omfatte heile planområdet. Dei mest verdifulle områda skal sikrast gjennom bruk av naturvernlov og viltlov. Det er ønskjeleg at verneplan og fylkesdelplan skal vera på lokal høyring samstundes.

Etter at verneplanutkastet har vore på lokal høyring skal fylkesmennene ta endeleg stilling til arealavgrensing, verneform og verneføresegner før planen vert sendt til sentral høyring. Etter at Direktoratet for naturforvaltning har gjennomført sentral høyring går saka til Miljøverndepartementet som førebur verneplanen for regjeringa med tanke på kgl. res.

Arendal, Kristiansand og Stavanger

07. 09. 1995

Hjalmar I. Sunde

Oluf Skarpnes

Tora Aasland

INNHALD

FØREORD	2
INNHALD	3
1. INNLEIING	5
2. OMTALE AV VERNEPLANOMRÅDET	7
2.1 Namnsetjing og geografisk avgrensing	7
2.2 Naturgrunnlaget	8
Klima	9
Geologi og landskap	9
Vegetasjon	10
Villrein og øvrig vilt	12
Urørte område og kvalifisert villmark	15
Kulturminne	18
2.3 Brukarinteresser	22
Landbruk	22
Friluftsliv	22
Jakt og fiske	23
Reiseliv	25
2.4 Inngrep	26
Vassdragsreguleringar	26
Vegar	28
Kraftliner	29
Fritidsbustader og andre bygningar	29
2.5 Forureining	30
Sur nedbør	30
Radioaktivt nedfall	30
2.6 Område verna etter naturvernlova	30
2.7 Verna vassdrag	31
2.8 Forslag til verneområde etter naturvernlova utanom verneplanen	32
3. VERNEKRITERIER OG TRUGSMÅL	33
3.1 Vernekriterier	33
Naturgeografisk representativitet	33
Urørte naturområde	33
Plante og dyrelivet	33
Varig verna vassdrag	34
Friluftslivet	34
Kulturminne	34

3.2 Trugsmål	34
Vasskraftutbygging og kraftliner	34
Gassrørleidning	35
Vegbygging	35
Reiseliv	35
Friluftsliv	36
Fritidbusenad - jakt og fiske	36
Landbruk	36
4. VERNEFORMER OG HØYRINGSUTKAST	37
4.1 Nasjonalpark	37
4.2 Landskapsvernområde	38
4.3 Biotopvernområde	39
4.4 Høyringsutkast	40
4.5 Arealomfang av vernet.	43
5. FORSKRIFT FOR VERNEOMRÅDA	44
5.1 Nasjonalpark	44
5.2 Landskapsvernområde	49
5.3 Biotopvernområde	55
6. TOLKING OG PRAKTISERING AV VERNEFORSKRIFTENE	59
6.1 Nasjonalpark	60
6.2 Landskapsvernområde	65
6.3 Biotopvernområde	72
7. FORVALTNINGSMODELL	77
8. LITTERATUR	81

1. INNLEIING

Det har gjennom lang tid vore arbeid med framlegg og planar for arealdisponeringa i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane. I fjellplan for Setesdal Vesthei (NOU 1974:39) blei det føreslege å skipa eit landskapsvernområde på 4100 km² for å verna ein hovudakse i dette fjellområdet. Det vart vidare føreslege å etablere ein nasjonalpark i Rjuven-området.

Forslaga i fjellplanen vart tekne opp igjen i ny landsplan for nasjonalparkar (NOU 1986:13) Ei planfagleg rådgjevingsgruppe oppnemnd etter initiativ frå fylkesmennene i Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland la i 1986 fram ein rapport med framlegg til mål og retningsliner for arealbruken i heiområdet (Homme og Veum 1986). Fleirtalet i denne gruppa tilrødde skiping av seks landskapsvernområde, to biotopvernområde og nasjonalpark i Frafjordheiane for å sikra arealbruken i heiområdet. Gruppa rådde vidare til at fylkeskommunane skulle utarbeide felles retningsliner for planlegging etter plan- og bygningslova i randsona kring dei føreslegne verneområda.

I brev frå Miljøverndepartementet dagsett 9. mars 1989 vart fylkesmennene i dei tre fylka bedne om å utarbeida eit framlegg til verneplan for heiområdet med heimel i naturvernlova og viltlova. Etter eit samordningsmøte 10. desember 1990 var det semje om å setje i gang utarbeiding av ein fleirbruksplan for området. Fleirbruksplanen vart ferdigstilt i 1994. Fleirtalet tilrødde bruk av naturvernlov og viltlova på areala som ligg nord for Brokke-Suleskardveien. Eit mindretal gjekk inn for bruk av naturvernlova i dei sentrale områda og like sør til Hægebostad. Det var semje om nærare retningsliner for areal som skulle forvaltast etter plan- og bygningsloven.

Miljøverndepartementet vurderte fleirbruksplanen som eit grundig og detaljert arbeid om dei interessene som knyttar seg til heiområdet (brev frå MD, datert 14.11.1994). Fleirbruksplanen er imidlertid ikkje eit formelt plandokument. Det er naudsynt å videreføre og formalisere arbeidet i form av verneplaner etter naturvernlova og viltlova og i fylkesdelplan etter plan- og bygningslova. Dette er formelt sett to prosessar, og departementet peika på trongen for samordning mellom dei. Fylkesdelplanen vil omfatte heile planområdet. Dei mest verdifulle områda skal sikrast gjennom bruk av naturvernlov og viltlov.


Miljøverndepartementet rådde til at det vidare planarbeidet måtte ta utgangspunkt i fleirbruksplanen. Samtidig peikte departementet på at høyringsutkastet til verneplan kan verte meir omfattande enn dei forslaga som ligg i fleirbruksplanarbeidet. Høyringsutkastet skal arealmessig avgrensast på naturfagleg grunnlag, slik at ein får høyrert eit alternativ som omfattar alle verneinteressene. Det vil mellom anna vere viktig å få med seg område sør for Brokke-Suleskarvegen, pga. vinterbeite for reinen. Departementet peika vidare på at verneform, verneføreseger og skisse til forvaltningsmodell skal omtalast i høyringsutkastet.

I dette framlegget til verneplan for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane er det gjeve ei omtale av verneplanområdet og gjort greie for vernekriterier og trugsmål. Dei tre aktuelle verneformene nasjonalpark, landskapsvernområde og biotopvernområde er drøfta, og fire hovudalternativ for vern av området er lagt fram. Det er vidare laga framlegg til verneføresegner for dei ulike verneområda/verneformene. Det er også gjeve ei utdjuping av verneføresegnene med framlegg til tolking og praktisering. Ei skisse til forvaltningsmodell for området er utarbeidd.

2. OMTALE AV VERNEPLANOMRÅDET

2.1 Namnsetjing og geografisk avgrensing

Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane vert brukt som fellesnamn på hei- og fjellområda som grensar mot Ryfylkefjordane i vest og Setesdalen i aust (Fig. 2.1). I nord er Rv-11 over Haukeli grense mot Hardangervidda. Mellom Hovden og Haukeligrend i nordaust er Rv-39 grense mot Setesdal Austhei. I sør har heiområdet ikkje noko eintydig avgrensing, men Rv-42 vert oftast nemnd som ei avgrensing. I denne verneplanen vert begrepet *heiområdet* nytta som navn på heile Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane. Navnet *verneplanområdet* vert nytta om den delen av heiområdet som denne verneplanen omfattar og utgjer i hovudsak deler av heiområdet som ligg i Agderfylka og eit mindre område i Rogaland. Dei resterande delene av heiområdet som ligg i Rogaland, er handsama i eigne verneplanar. Areala i Hordaland (Odda) og Telemark (Vinje) er ikkje omfatta av verneplanprosessen. Arealet som er omfatta av denne verneplanen er på i alt 2503 km².



Figur 2.1
Geografisk plassering av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane.

Innafor verneplanområdet er det skilnad i vernekvalitetar og i denne verneplanen har ein diskutert kva for verneform som er best egna i ulike deler av verneplanområdet. Ein har difor namnsett og avgrensa områder særskild for denne verneplanen. På desse områda har ein nytta tradisjonelle navn på stader som ligg innafor områda. Det einskilde område vil som oftast omfatte mykje meir areal enn det tradisjonelle navnet svarer til. Desse navna står med *kursiv* i teksten og ein finn dei att på alt kartmaterialet. Nedafor er desse områda nemnd og gjeve ein kort omtale.

Breidvatn

Området som har fått nemninga *Breidvatn* ligg i Bykle i Aust-Agder og er ein trekkveg for villrein mellom Setesdal-Vesthei og Setesdal-Austhei. Området grensar til Breidvatn i nord. I vest grensar området mot Dyrheii og er eit framhald av dette. Området ligg ned mot Rv 39.

Steinsbuskardet

Steinsbuskardet ligg i Bykle i Aust-Agder og er det einaste området der reinen trekkjer mellom nordre og søndre del av heiområdet i den isfrie delen av året.

Vatnedalsheii

Vatnedalsheii ligg i Bykle kommune i Aust-Agder, og er det største kalvingsområdet for villreinstamma i heiområdet. Området omfattar Enden, Bygdeheii og områda frå Store Førsvatn via Ormsavatnet, Store Urar, Reinevatn og heilt sør til Strondefjell.

Steinheii

Området som er kalla *Steinheii* ligg i Bykle på grensa til Valle og utgjer nordaustre delen av Steinheii kalveområde som fortset vestover i *Rjuven*.

Dyreheii

Området som er nemd *Dyreheii* ligg i Bykle i nordre del av Aust-Agder og grenser opp mot Rogaland. Området går frå Breive-Storheller på grensa til Telemark og ned til *Steinsbuskardet* søraust for Blåsjø. Frå nord til sør kan nemnast innsjøane Skyvatn, øvre Førsvatn, Urdevatnet, Holmevatnet, Krokevatnet og Hovatn som alle ligg heilt eller delvis innafor området.

Auråhorten

Auråhorten ligg i Bykle i Aust-Agder. I tillegg til sjølve Auråhorten er Storsteinheii og områda opp mot Beinleidokki med i området. *Auråhorten* er bindeleddet mellom *Rjuven* og Lusaheia landskapsvernområde i Rogaland. Området er avgrensa av *Steinsbuskardet*/Blåsjø i nord og Svartevatn i sør og aust.

Lyseheiane

Området ligg i Sirdal i Vest-Agder og Forsand i Rogaland. Lyseheiane bind *Rjuven* saman med Frafjordheiane. Området strekkjer seg frå vegen inn til Svartevatn i nord over vegen mellom Sirekrok og Lysebotn og sør til Valevatn.

Rjuven

Området som er nemnt *Rjuven* ligg i begge Agder-fylka og utgjer dei sentrale fjellområda mellom *Steinsbuskardet*/Blåsjø i Aust-Agder og vegen mellom Brokke i Aust-Agder og Suleskard i Vest-Agder. I tillegg er og områda nordvest for Ljosådalen og områda kring Taumevassdraget med i det som her er kalla *Rjuven*.

Valle/Byglandsheiane og Knaberøysi

Området som er kalla *Valle/Byglandsheiane* og *Knaberøysi* er dei sentrale delene av heiområdet i Aust- og Vest-Agder sør for vegen mellom Brokke og Suleskard. Søndre delane av Valleheiane, Byglandsheiane og områda frå Aust-Agder grense og sør til Homstøldalen i Hægebostad, utgjer dette området.

2.2 Naturgrunlaget

Heiområdet er den sørvestre utlaupar av fjellområda i Noreg, naturgeografisk region 35. Denne regionen er ein av dei største i Norden og har ein utstrekning

heilt frå Nord-Trøndelag og sør til Agder. Regionen er difor oppdelt i heile ti underregionar. Verneplanområdet ligg i all hovudsak i underregion 35 b, Setesdalsheiane, men noko fell og inn under underregion 35 a, Suldalsheiane (NUB 1977).

Heiområdet mellom Setesdal og Ryfylke byr på stor variasjon i natur. *Hei-*omgrepet reflekterer den dominerande naturtypen i området. Dei brå overgangane mellom lågland og høgfjell i samband med djupe fjordar og dalar, og høgfjellsområdet Rjuven i høgdelaget 1200-1400 m.o.h., markerer klåre kontrastar til det rolegare og småkuperte heilandskapet mellom 600 og 1200 m.o.h. elles. Vekstvilkåra i området varierer frå frodige stølsdalar og område med rik kalkkrevjande vegetasjon og mange arter til skrinne område med lite lausmassar og sparsam vegetasjon. I hovudsak er heiområdet eit variert naturlandskap med kulturpåverknad gjennom beiting. Innimellom finn ein døme på kulturprega landskap med beitevollar og stølstun.

Typiske trekk ved heiområdet er:

- småkupert heilandskap
- variasjon frå lågheier i sør og vest til høgheier mot nord
- tungt forvitreleg grunnfjell
- mykje fjell i dagen, sparsame og næringsfattige lausmassar
- sparsamt med vegetasjon, få og nøysame arter
- rikare naturtyper i lisidene
- kystpåverka klima med høg nedbør og vekslande vintertemperatur
- mange vatn og innsjøar

Klima

Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane er det mest kystpåverka fjellområdet i Sør-Noreg. Dominerande vindretning er frå vest til sørvest. Denne vinden har ofte med seg nedbør. På vestsida av heiområdet er årsnedbøren på heile 2500 mm eller meir, av dette utgjer vinternedbøren 1500 mm. Mot aust minkar nedbørsmengda noko, og nordaust for Bossvatn i Bykle, er årsnedbøren omlag 1000 mm, med omlag 550 mm av dette som vinternedbør. I vest er temperaturen prega av kystklimaet, med etter måten låge temperaturar om sommaren og høge om vinteren. Heilt mot aust, mot Setesdalen, er det meir preg av innlandsklima. Det normale her er at vintertemperaturen er jamt låg og sommartemperaturen høg. Dei vekslande temperaturforholda og den høge nedbørsmengda i størstedelen av heiområdet om vinteren gjer at ein ofte har store snødjupner og ising.

Geologi og landskap

Det meste av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane ligg sentralt i det største grunnfjellsområdet i Noreg, som strekkjer seg frå Hardangervidda ned til Skagerrak-kysten. Det representerer ein av dei best bevarte delane av urkontinentet Det Baltiske skjoldet, og har i geologisk forstand lege i ro sidan jorda si urtid. I motsetnad til andre deler av landet som har blitt utsett for overskyvningar av fjelldekke, foldingar, overfløyning av hav o.l. er landskapet i

grunnfjellsområda i hovudsak eit resultat av slitasje frå is, vatn og vind gjennom 600 millionar år.

Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane var ei nesten flat slette frå urtida fram til tertiærtida for 65 millionar år sidan. Ei heving av landet, mest i vest, førte til ein bratt vestvegg mellom hav og fjell. Elver skar seg ned i landet og forma djupe dalar som seinare vart til dalar og fjordar slik vi ser dei i dag.

Den endelege utforminga av terrenget med djupe dalar med bratte sider og flat botn, mange vatn, grunne lausmassar i høgda og oppsamling av vasshandsama materiale i dalbotnen, er resultat av aktiviteten til is og smeltevatn i løpet av dei siste to millionar år (kvartærtida).

Ein kraftig iserosjon resulterte i at det meste av lausmassane i heiområdet vart transporterte med isen til havet mot slutten av siste istid for 10.000 år sidan. Erosjonen var kraftigst og mest effektiv lengst i vest. I daldrag mot austre del av heiane er det meir lausmassar, særleg i dalar med retning nord-sør, på tvers av den retninga isen flytta seg. Elles i heiområdet er det for det meste bart fjell eller eit tynt morenedekke. I dei høgare fjellområda er det stadvis som følgje av frostsprenging store forekomstar av blokkmark. I bratte fjellsider dominerer svaberg og rasmark.

Grunnfjellet er samansett av stadeigne sure, harde og næringsfattige bergarter av prekambrisk alder. Saman med den kraftige iserosjonen som frakta lausmassane bort, er grunnfjellsbergartene opphavet til det næringsfattige og karrige preget som dominerer i verneplanområdet. Sør for *Steinsbuskardet* i Bykle er området samansett utelukkande av djupbergarter (granittiske bergarter), samt omdanna bergarter (i hovudsak gneisar). Desse bergartene er dominerande også nord for Bossvann, men her finn ein fleire typar djupbergarter. Ved Store Urar og Holmevann finn ein eit større område med omdanna vulkanske bergarter.

Den nordvestre delen av verneplanområdet i Bykle skil seg frå resten av heiområdet ved at berggrunnen stadvis er kambro-siluriske sedimentbergarter (fyllitt) som gir næringsrike lausmassar med tilhøyrande rik vegetasjon. Denne type landskap er austre delen av ein landskapstype som i all hovudsak ligg i Suldal og deler av Hjelmeland i Rogaland.

Heilt mot grensa til Telemark finn ein andre omdanna vulkanske basiske bergarter som grønstein og amfibolitt. Dei basiske bergartene frå desse områda kan ein finne i morenemasse og som blokker langt borte frå der desse bergartene dominerer.

Vegetasjon

All omtale av vegetasjon er henta frå Åsen (1995).

Verneplanområdet fell innfor tre vegetasjonsregionar: Nordboreal region (fjellskogsone), lågalpin region og mellomalpin region (Dahl m.fl.1986).

Grensa for verneplanområdet i sør går i fjellskogsona. Dette er Noregs sørlegaste utlaupar av den nordboreale region, eit område som her er dominert av fjellbjørkeskog, med stadvis noko glissen furuskog. Fattigmyr (jordvassmyrer) dekker og store areal. Regionen kjem også inn aust og nord i heiområdet, i Ljosådalen i Valle og i området Vatnedalsvatn - Store Førsvatn i Bykle. Vegetasjonen er einsformig og fattig, men i einskilde rasmarker og i berg som vender mot sør, kan ein finne ein rikare flora med høgstaudesamfunn. Skoggrensa dannar øvre grense for denne regionen og den varierer difor med topografi og himmelretning, men beite kan stadvis verke inn på tregrensa. Heilt sør i heiområdet går bjørkeskogen til omlag 800 m.o.h. Mest særmerkt er Vestvassdalen i Lyngdalsvassdraget i sør og Ljosådalen i Valle kommune i nord. Ljosådalen skjer seg inn i landskapet og er tresett med fjellbjørkeskog opp til omlag 1000 m.o.h. Her finst ein glissen fjellfuruskog med store, gamle tre. Lenger nord i Bykle er tregrensa på omlag 1000 m.o.h.

Over skoggrensa tek den lågalpine regionen til. Areal som fell innfor denne regionen, utgjer det meste av verneplanområdet. Her finst det sørlegaste høg fjellspartiet i Noreg med blåbærhei og viersamfunn som vanlege og karakteristiske plantesamfunn. Fattige jordvassmyrar finst også i denne regionen. Ein kan og skilje mellom rabbe- og snøleiesamfunn. Di høgare ein kjem innfor regionen, di meir glissen vert vegetasjonen, og øvre grense for regionen vert rekna der blåbærlyngen ikkje lenger dannar samfunn. Dette er omlag 1250-1400 m.o.h. Dei sure og harde bergartene i heiområdet gjer at talet på arter innfor regionen er lågt. Regionen er dominert av fattigheit med ulike lyngarter som viktigaste planter. I snøleiene veks ein særmerkt vegetasjon, alt etter kor lenge snøen ligg. Der det er kort snødekke, finn ein grashei med arter som gulaks og smyle. Der snøen ligg lenge, finn ein ikkje høgare plantar, men mose. På grunn av det vedvarande beitetrykket frå sau, er den dominerande grasarten finnskjegg. Stadvis finn ein dvergbjørk som dominerande art i busksjiktet. Områda nordvest i Bykle, med næringsrike bergarter, skil seg frå resten av regionen i området med ein mykje rikare vegetasjon.

Den vegetasjonsregion ein finn i dei høgste partia, er mellomalpin region. Der veks berre dei mest hardføre lyngartene som tyttebær og krekling. Mosematter og snøleivevegetasjon er og vanleg. Ein finn berre fragment av denne regionen innfor verneplanområdet i dei høgste områda, over omlag 1250 m.o.h.

Heiområdet gjev i det store og heile eit einsformig inntrykk, då lågalpin lynghei og fattig myrvegetasjon med omlag 25 plantearter dominerar. Av 231 fjellplantearter som finst i Noreg (Danielsen 1971), er 109 funne i heiområdet. Av desse har minst 22 si sørgrense i Noreg i dette heiområdet. Fleire andre arter har også si sørgrense i heiområdet. Minst 7 kystplanter har høgde- og innergrense her.

På gammal slåtte- og beitemark i Ljosådalen, 660-700 m.o.h., finn ein dominerande rik vegetasjon med solblom. Denne arten er på sterk tilbakegang på Agder og ein finn truleg den rikaste forekomsten her. I dei rike områda nordvest i Bykle veks det 32 plantearter som innfor verneplanområdet berre er funne her. Kvitkurle som er funnen i Valle og Bykle og handmarinøkkel som er funnen i

Bykle, er dei to artene i verneplanområdet som er oppført i den nasjonale raudlista over truga og sjeldsynte plantearter (DN 1992).

Sauebeitinga i heiområdet pregar vegetasjonen og er ein hovudfaktor i utforminga av plantesamfunna. Dette gjer at den dominerande grasarten er finnskjegg. Høgstaudeliene, rasmarkene og sørberglokalitetane er såleis ikkje så rike som ein elles kunne forvente. Stadvis er beitetrykket så høgt at artsmangfaldet av planter vert redusert.

Villrein og øvrig vilt

Villreinstamma i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane er Europas sørlegaste villreinstamme. Stamma har noko kontakt i nord med stamma på Hardangervidda. I nord-aust vekslar dyra i bruken av områda i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og nordre del av Setesdal - Austhei.

Villreinstamma i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane møter frå naturen si side store utfordringar i kampen for å overleve. Dette skuldast særleg to tilhøve:

- lite lav i vinterbeita (reinen må difor beite på planter som er tunge å fordøye)
- vinterbeita er ofte vanskeleg tilgjengelege p.g.a. mykje og hardpakka snø og nedising av beita

Trongen til å vandre over store område er eit særdrag i villreinen sin måte å leve på. Store samanhangande område er difor naudsynt for at villreinstamma skal overleve. Villreinen sin områdebruk i heiområdet er vist på kartet «Villreinenens områdebruk». På det same kartet er teikna inn grensene for verneplanområdet. Det kuperte terrenget vi finn i deler av heiområdet, gjer at reinen må trekkje på bestemte og ganske avgrensa område. Ulike inngrep som t.d. vegar med bratte kantar, autovern, høge brøytekantar og vasskraftreguleringar med vassmagasin og dårleg is på regulerte vatn, skiplar villreinenens trekkmønster. Hyttefelt og ferdsle som t.d. bil- og snøscootertrafikk, folk på ski og til fots er også med på å hindra villreinen i å trekkje fritt. Villreintrekk i verneplanområdet som går i flaskehalsar i heiområdet, er avmerka som soner på verneplankartet og er kalla *Steinbuskardet*, *Svarteløkfjell*, *Midtheia-Vassdalsnuten* og *Urarågsjuvet* trekkvegar. Trekk der reinen må krysse vegar for å kunne nytte større område, er og synt på verneplankartet. Desse er *Breidvatn*, *Vardsvatn-Kvislevassknuten* og *Andersvatnet-Børsteinvatnet* trekkvegar.

Villreinen i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane har dei viktigaste kalveområda i Valle og Bykle, til saman eit areal på omlag 350 km². Desse områda er avmerka på verneplankartet og er nemnd som *Vatnedalsheii*, *Steinheii* og *Svarvaren* kalveområde. Merka turistløyper går gjennom deler av områda. Kalveområda i Bykle ligg nær fast busetnad og turistanlegg. Tekniske inngrep pregar deler av kalveområda.

Etter kalving samlast simleflokkane utover våren og sommaren i sentrale deler av heiområdet. Dei mange snøleiene gjer at dyra har tilgang på nyspirte planter langt utover sommaren. Område som er nemnd som *Dyreheii*, *Vatnedalsheii*, *Auråhorten* og *Rjuven* på kartet, utgjer dei viktigaste av desse områda i

verneplanområdet. Bukkane går på denne tida i småflokkar i ytterkantane av heile heiområdet, der dei vart igjen då simlene dro til kalveplassane. Tidlig om våren beitar dei på nyspirt plantemateriale i sørvendte lier og på gamle støls- og fjellgardsvollar. I verneplanområdet er områda som er omtala som *Valle-Byglandsheiane*, *Knaberøysi* og *Lyseheiane* typiske bukkeområde.

Lav er hovudføda for rein om vinteren i andre villreinområde. Det oseaniske klimaet i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane er lite gunstig for vokster av kontinentale lavararter. Det er årvisst store snømengder og temperaturen vekslar mellom mildt og kaldt. Beita isar difor ofte ned og reinen har problem med å få tak i det vesle som finst av lav. I tillegg vert tennene ekstra snøgt nedslitne av at han går og gneg på dei små lavførekomstane som finst, mellom anna lav som veks på stein.

Nedslitne tenner gjer at han ikkje kan nytte dei gode sommarbeita maksimalt. Resultatet vert små dyr med dårleg kondisjon som produserer få og svake kalvar. Mange kalvar dør kring fødsel. Vidare kan kalvane bli så avmagra i løpet av sin første vinter at dei ikkje klarar seg. Då tilgangen på tradisjonelle vinterbeite er ustabile i heiområdet, trekker reinen årvisst til ytterkantane. Her beitar han på lav som veks på trea og det han måtte finne av andre vekstar, i hovudsak lyng. Dette er eit langt dårlegare beitetilbod, både i kvantitet og kvalitet, enn det vi finn i tjukke lavmattar i andre villreinområde med gode vinterbeite. Reinen vekslar i bruken av vinterbeiteområda. Truleg beiter han ned eit område, er borte i fleire år, for så å kome attende når beita har teke seg opp att. Reinen sin vinterøkologi i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane står i ei særstilling samanlikna med andre villreinområde i Noreg. Dette gjer at desse særmerkte vinterbeiteområda i ytterkantane av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane er fundamentet for villreinstamma der. Område navngjevne som *Valle-Byglandsheiane* og *Knaberøysi* på kartet utgjer ein sentral del av desse vinterbeita i verneplanområdet. I dei nord-austre delene av verneplanområdet, i dei delane av heia som er mest prega av kontinentalt klima, finn ein nokre område med meir tradisjonelle vinterbeite.

Elg- og hjortebestanden i heiområdet har vore aukande. Hjort trekkjer regelmessig heilt opp på snaufjellet i vestre del av heiområdet. Streifdyr er sett i sørområdet. Bjørkeskogen aust og sør i heiområdet har gode bestandar av elg. Streifdyr er sett heilt inne på snaufjellet.

Av store rovdyr er det berre gaupa som er påvist reproduserande i kantane av heiområdet dei siste åra. Ho ynglar no regelmessig i Bygland-Åseral-Hægebostad området, men dei mest brukte områda ligg i dei skogkledde dalsidene utanfor verneplanområdet. Jerv vert regelmessig observert.

Det meste av heiområdet har god tettleik av fjell- og lirype. I dei sørlegaste delene (*Knaberøysi* og *Valle-Byglandsheiane*) finner ein sær gode og stabile produksjonsområde for lirype.

Høg tettleik av småvilt gir grunnlag for gode bestandar av store rovfuglar som kongeørn, jaktfalk og hubro. Desse artene står på raud liste over truga og sjeldsynte viltarter i Noreg (DN 1992). I *Knaberøysi* og *Valle-Byglandsheiane* er

kongeørnbestanden mellom dei tettaste i landet (Fremming 1980, Pfaff 1993, Pfaff og Bengtson 1995). Heile snaufjellet er aktuelle område for jaktfalken, og han har ein regelmessig og god reproduksjon i deler av verneplanområdet. Hubroen finn ein og regelmessig innan og nært opp til verneplanområdet.

Andre hekkande fuglearter i heiområdet som er med på raudlista er storlom, smålom, dvergspett og svartand. Storlom og smålom er berre påvist hekkande eit fåtal gonger. Dvergspett hekkar regelmessig i området. Svartand er ein karakterfugl i *Knaberøysi* og *Valle-Byglandsheiane* og ein monaleg del av den norske bestanden hekkar innafør verneplanområdet.

Området er sørgrense for utbreiinga av dei fleste vanlege fjellviltarter i Noreg. Omlag 10 fuglearter har si sørlegaste utbreiing i Noreg i dette heiområdet. Av dei pattedyra som har si utbreiing i fjellområda i Noreg, finn ein ikkje ynglande bestandar av jerv og fjellrev. Ein har stadfesta at fjellreven tidlegare fanst i området då fleire stader har navn der ordet *melrakk* (gamalnorsk namn på fjellrev) inngår. Fjellreven er lett å fange og vart truleg utrydda i heiområdet litt inn i dette hundreåret og er sidan berre observert frå tid til annan. Omlag samstundes vart jervestamma utrydda. Det er vist frå andre område at fjellreven er avhengig av åtsel om vinteren. Fråvær av jerv som jaktar rein kan difor forklare kvifor ein ikke har fjellrev i dette heiområdet no.

Urørte område og kvalifisert villmark

Ut frå eit kulturhistorisk perspektiv fins det knapt noko område i Noreg som er urørt. Men i denne samanheng inneber omgrepet inngrepsfrie område som ligg meir enn 1 km frå næraste veg, jernbane, bebygd område, vassdragsutbygging eller kraftline. Dette er med andre ord område utan tyngre tekniske inngrep, og der kulturpåverkinga er moderat og av sær s gammal dato. Innafor dei urørte områda er det også område som vert kalla *kvalifisert villmark*. Definisjonen for kvalifisert villmark er inngrepsfrie område som ligg meir enn 5 km frå dei nemde inngrepa (NOU 1986: 13). Innafor verneplanområdet finn ein nokre av dei siste større områda i Sør-Noreg som fell innafor definisjonen. Kartet «Urørte naturområde» syner at innafor verneplanområdet, finn ein dei fire største områda med kvalifisert villmark i *Knaberøysi*, *Valle-Byglandsheiane*, *Rjuven* og *Dyreheii*.

Av tabell 2.1 framgår det at 70 prosent av attverande kvalifisert villmark i Agder og Rogaland ligg innafor verneplanområdet. Det er verdt å merka seg at av all kvalifisert villmark på 52 km² i Vest-Agder, ligg 50 km² sør i *Knaberøysi*.

Tabell 2.1. Urørte naturområde (km²) i Agderfylka og Rogaland
(Statens Kartverk-Aust-Agder 1995).

	1-3 km fråstand frå inngrep	3-5 km fråstand frå inngrep	> 5 km fråstand frå inngrep	Sum	Fylkes- areal
Aust-Agder	1887	654	394	2935	9212
Vest-Agder	1441	267	52	1760	7281
Rogaland	2003	330	73	2406	9141
Sum	5331	1251	519	7101	25634
Herav innan verneplanområdet	899	523	364	1786	

Kulturminne

Dette avsnittet er skrive av T. N. Hageland, med berre mindre redaksjonelle endringar. På kartet «Kulturminne» er synt hovudtrekka for kulturminna si plassering i heiområdet. Navn på dei einskilde kulturminna som er nærare omtalt finn ein og på kartet.

Veiding og fiske

Til alle tider har heiområdet vore brukt til aurefiske og til veiding etter rein, ryper, falkar og småvilt. Folk tok heiområdet i bruk etter kvart som isen trekte seg tilbake (ca. 8-7000 f.Kr.). Dei kulturane som følgde, steinalderen og bronsealderen, var begge steinbrukande kulturar som varde til ca. 500 f.Kr. Livsgrunnlaget var veiding og fiske. Ein har sjeldan leita etter leivder frå desse steinbrukande kulturane her i heiområdet. Område som vart sette under vatn før 1960-åra, vart aldri undersøkte. Etter 1960-åra, derimot, har ein undersøkt kvar gong det har vore utbyggingsplanar, og ein har funne fleire ting frå steinbrukande kulturar, men dei fleste finnestadene står under vatn no. Heiområdet elles har aldri vore arkeologisk undersøkt. Truleg finst det mykje løynt i jorda langsmed større vatn, i støls- og driftelegevollar og under veidemanns- og driftelegeshellerar i heile heiområdet.

Også i ettertida, etter dei steinbrukande kulturane, har heiane vore brukte mellom anna til veiding og fiske. Nordvest for Hovden, i *Dyreheii*, ligg Breive-Storheller og Skutesteinen tett ved einannan. Dei inneheld namngjetne runer og dyreteikningar etter veidemannsfolk frå ca. 1100-talet.

Den strekninga av heiområdet som har vore mest brukt til veiding etter rein, er dei sentrale delane av heiområdet frå Haukelifjell sørover til Aurdalen. Det vil seia grensetraktene mellom Bykle, Suldal og Hjelmeland kommunar. Denne strekninga brukar rogalendingar å kalla "Dyraheio", setesdølane *Dyreheii*. Nesten alle fangstanlegg, det vil seia bogestiller og dyregraver, finst på denne strekninga. Nokre av desse fangstanlegga kan vera svært gamle. Spreidde veidemannshellerar finst også. Rett nok vart mykje sett under vatn ved oppdemminga av Blåsjø, men mykje ligg enno urørt. Det har også vore veida etter rein i dei sentrale delane av heiområdet vidare sørover. Men det finst nesten ingen fangstanlegg der. Derimot har desse heiane vore mykje brukte til krøterbeite.

Heiområdet har alltid lege svært langt frå tradisjonelle samiske område. Men ca. 1890-1914 kom det samar for å gjeta rein i grensetraktene mellom Bykle, Suldal og Hjelmeland kommunar. I 1895 gjette samane så langt sør som i Bygland. Enno veit folk om nokre få gamle-tufter.

Kring 1. verdskrigen kjøpte Oslo-mannen Thorvald Heiberg opp store areal i dei sentrale delane, både nord og sør for Rjuven. Han bygde opp eit nett av hytter og leigde ut aurefiske og retten til å veida rein og ryper. I samband med 2. verdskrigen overtok staten eigedomen. Eigedomen heiter no Njardarheim, og vert forvalta av Statskog. Nokre Heiberg-hytter står enno i området *Rjuven*, nemleg Gyvatn, Ljosådalstrongen, Krørne, Bossfjell-lega, Sigurdsheller og Storevatn. Dei er bygde i ein særmerkt stil.

I Åseral kommune, i *Knaberøysi*, står Lordehytta, bygd 1912 av ein norsk-ætta skotsk lord. Der jakta han ryper om haustane. Bygningane og eit område rundt er no regulerte til spesialområde bevaring.

Mineralutvinning

Jernalderen tok til ca. 500 f.Kr. I den fyrste tida vart jernet anten innført frå utlandet eller utvunne ved kysten. Men ca. 800-1400 var Hovden-området ein viktig leverandør av jarn til heile Sør-Noreg. Der er restar av hundrevis av kolmiler, det vil seia groper der ved vart ufullstendig forbrend til trekol. Og der er tufter etter mange blesterhus, det vil seia hus med stein-omn der folk elda med trekol for å smelta jern ut or myrstykke. Ein del av Hovden-området er freda som Vidmyr myrreservat og Hovden landskapsvernområde, og i Hovden sentrum er det lagt til rette med turveggar og jernaldermuseum. Nær Breive-Storheller, i Dyrheii, nordvest for Hovden finst det restar etter ei molybdenglans-gruve. Desse vart drivne periodevis 1910-19. Alle dei andre molybdenglans-gruvane låg i Knabeheiane. Skjerpa er frå 1700-talet og gruvane vart drivne periodevis 1885-1973. Det har også vore nokre få andre gruver og skjerp etter molybdenglans og etter kopar (sjå kartet).

Gardane kring kantane av heiområdet

Veiding og jernvinne var attåtnæringar for gardbrukarar. Difor må ein sjå kulturminna i utmarka i samanheng med kulturminna i innmarka. Gardane låg kring kantane av heiområdet.

I nokre få tilfelle har det vore husmannsplassar og frikjøpte gardsbruk inne i sjølve heiområdet. Det gjeld Ljosådalen i *Rjuven*, (busett til 1869), Ånebjør ved *Valle-Byglandsheiane* (busett til 1960-åra), Pytten (busett 1788-1954), Bustøl (busett ca. 1845-1864) og Håheller (busett ca. 1818-1844) i *Byglandsheiane*, og Salomonsheller (busett 1821-1850) i *Lyseheiane*. I tillegg kjem nokre som ligg lengre utanfor det planlagde verneområdet, og nokre som er sette under vatn.

Heieslått i heimeheiane

Overfolkning i bygdene kring heiområdet tvinga folk til å slå høy på heiane, både i tida før Svartedauden (i 1349) og frå ca. 1650 til ca. 1950. Det var ytterkantane, den såkalla heimeheia, kring heiområdet som vart brukt til heieslått. Folk sette opp høyløer og høystakkar. Innimellom sette dei opp stølsbygningar til å overnatta i. Dei fleste stølane vart oppretta på 17-1800-talet.

Det særmerkte for Sørvest-Noreg var at stølane vart drivne som fullseterbruk. Det vil seia at stølane vart drevne som sommar-gardar for heile familien med alt sitt heimekrøter, fyrst og fremst for å slå høy for vinteren. Kring 1950 førde samfunnsutviklinga til at heieslått tok slutt, og stølane vart nedlagde. Det står enno verneverdige stølsbygningar på nokre av stølane i Valle kommune. Særleg må nemnast Rossåsen og Øyan i *Rjuven*, begge nedlagde kring 1950, bortsett frå eitt stølsbruk på Øyan som vart drive heilt til 1964. I *Rjuven* ligg Bossbulega, Juvasslega og Augundstjørn som også må nemnast. Desse tre var fyrst drifteleger, men var stølar frå kring 1820 til kring 1950. Det eine stølsbruket ved Augundstjørn vart drive til 1960-åra. Der står også verneverdige stølsbygningar på Urevasstølen i *Rjuven*.

I *Valle-Byglandsheiane* står enno Hægestøyl som var både støl og overnattingsplass for ferdafolk. Elles er dei fleste gamle stølsbygningane i heiområdet anten forfalne, nedrotna eller ombygde. Sidan ca. 1950 har heimeheia blitt brukt til beite for sauer som går heilt fritt.

Krøterbeite i drifteheiane

Overskot av krøter i vest og underskot av kjøt i byane i aust førde til at krøtertrafikken oppstod ca. 1750. Krøteret vart oppkjøpt i bygdene i vest, særleg i Rogaland, men også i heiebygdene på Agder. For fyrste gong vart nokre av dei sentrale delane av heiområdet teke i bruk til krøterbeite. Om haustane vart krøteret sankt til slakt i Kristiansand og Arendal.

I 1830-40-åra vart Agder-krøteret einerådande i den sørlegaste og søraustlegaste av dei sentrale delane. Og marknaden i Kristiansand og Arendal vart metta av Agder-krøter. I 1830-40-åra trekte Rogaland-krøteret seg lenger nordover og tok heile dei sentrale delane i bruk til beite, heilt nord til Aurdalen (på nordvestsida av Rjuven), der *Dyreheii* tek til. Etter dette omskiftet i 1830-åra vart Rogaland-krøteret sankt tilbake til Rogaland, slik at bøndene der fekk att krøteret sitt om haustane.

Eit isolert område mellom Hovden og Haukelifjell, nordaust for *Dyreheii*, vart brukt til beite for Fjellgards- og Telemark-krøter. Det vart sankt til slakt i Kongsberg, Drammen og Oslo.

Såleis vart altså heile dei sentrale delane av heiområdet, med unntak av *Dyreheii*, teke i bruk som krøterbeite. Krøteret som beita i dei sentrale delane, vart gjett på ein måte som dei kalla legegjeting. Det gjekk ut på at hjuringane overnatta, saman med krøteret, på visse leger. På ei lege var der somtid ein heller, somtid berre ei bu eller eit halvtak, der hjuringane kunne liggja, og så låg krøteret på vollen utanfor. Når hjuringane hadde gjett nokre dagar kring ei lege, flytte dei til den neste. Såleis vandra dei som nomadar mellom legene, innafør den teigen som høyrde til ei driftehei. Krøterflokket vart kalla drift, av di han vart driven frå stad til stad. Og dei sentrale delane av heiområdet, der driftelegene låg, vart kalla driftehei. Driftekrøteret var både storfe, geiter og sauer.

Det særmerkte for dei sentrale delane av dette heiområdet, med unntak av *Dyreheii*, er at det der var uvanleg tett med drifteleger samanlikna med Hardangervidda og område vidare nordover. Alle driftelegene i dette heiområdet er nesten ferdig registrerte og fotograferte. Legegjetinga tok gradvis slutt frå kring 1900 til kring 1910 og driftelegene vart nedlagde. Nokre få stader vart det gjort forsøk på å ta opp att legegjetinga i 1917-1923. I ettertida har dei sentrale delene berre vore brukt til beite for sauer. I ei overgangstid førekom det såkalla "styregjeting", ei mildare form for gjeting, ut frå nokre få faste hytter. No er det berre att "styregjeting" ut frå Vide Lega. Etter 1953 har ein elles gått gradvis over til å la sauene gå heilt fritt.

Gangevegar

Over heiområdet gjekk det fleire gangevegar. Dei var, og er enno, merka med knyllingar. Ein knylling er ein einskild stein som folk har lagt oppå ei steinblokk for å syna veg, i Setesdal kalla "nydding", i Åseral-Eiken-Fjotland "knydding", i Sirdal "nydling" og i Rogaland "nødling". Nokre strekningar er seinare blitt turistløyper.

Dei eldste og viktigaste gangevegane gjekk frå ulike utgangspunkt i Setesdal til handelsplassane Lysebotn, Førre og Hysten i Rogaland. Tre av desse gamle gangevegane blir enno kalla "Skinnvegen". Desse kryssar *Rjuven*. Dei er minne om katolsk tid (før 1537) då folk laut betala skatt i form av kuhuder og kalveskinn til biskopen i Stavanger, og skatten vart frakta på hesteryggen etter desse vegane. Det er lagt brudle på nokre av heieovergangane. Eit brudle er steinar som er lagde på rad og rekkje på eit flatt berg, ein stein for kvar deltakar i eit brudefølgje. Å leggja brudle var ein lokal skikk i Sørvest-Noreg.

2.3 Brukarinteresser

Landbruk, friluftsliv, jakt og fiske er dei mest aktuelle måtane å bruke heiane på i samband med både næring og fritid i dag. Nye aktivitetar i reiselivs- og landbruksnæringa knytta til ei næringsmessig utnytting av utmarka og bygningar i heiane, kan bli viktig i tida framover.

Landbruk

Sauebeiting er den viktigaste næringsinteressa i verneplanområdet med omlag 176.000 sau på sommarbeite pr. år i heile heiområdet (Mauland 1993). Noko i underkant av halvparten av dette beitar innafor verneplanområdet. Ein stor del av sauen er driftesau. Saueeigarar frå andre deler av landsdelen, i første rekkje på Jæren, leiger beite. Heibetet er avgjerande for lønsemda i sauehaldet. Verdien av sauebeitet, slik det vert nytta no, er rekna til omlag 36 mill. kroner årleg (Mauland 1993). Verdien av sauebeitet i verneplanområdet er då omlag halvdelen av dette og gjer grunnlag for omlag 700 årsverk. Det er ikkje stølsdrift av nemnande grad i heiområdet no.

Det meste av områda som er omfatta av denne verneplan ligg over skoggrensa. Skogsdrift er såleis lite aktuelt. Det finst likevel nokre område som t.d. Ljosådalen i Valle, Lognadalen i Bygland og mindre område nord for Homstøldalen i Hægebostad der skogsdrift kan bli aktuelt. Aktuell driftsform ut frå skogfaglege vurderingar er ei form for plukkhogst (NOU 1989:10). Elles er vedhogst mest aktuelt.

Bygdeturisme har blitt ein del av landbruket dei siste åra, og er ein hovudstrategi i norsk landbrukspolitik (St.prp.nr.8 (1992-93)). I tilknytning til heiområdet er det ein rekkje prosjekt der ressursane i heiområdet er meint å vere grunnlaget for å satse på bygdeturisme.

Friluftsliv

Heiområdet Setesdal-Ryfylke er særst godt egna for langturar i fjellet, kortare turar frå bygdene omkring, jakt, fiske og padling. Kring heiområdet er det omlag 500.000 ibuarar. For desse er Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane eit utferdsområde dei kan nå med rimeleg kort reisetid. Bruken av heiområdet i samband med tradisjonelt friluftsliv er estimert og syner at heia vert nytta i omlag 40.000 persondøgn (Skåtan 1993). Truleg er det litt under halvparten av dette som føregår innan verneplanområdet. I tillegg kjem bruk knytta til dei 6000 private hytter og fritidshus i eller i nær tilknytning til området. Mange av desse nyttar verneplanområdet som turterreng. Bruken av området i samband med jakt og fiske kjem i tillegg til dei tala som her er nemnd.

Heiområdet utgjer ryggrada i det sørvest-norske fjell-friluftsområdet i søndre deler av Langfjella. Området er eit nasjonalt viktig friluftsområde som gjev rom for naturoppleving i eit landskap i store urørte område, mellom anna i *Rjuven* og *Valle-Byglandsheiane*. DNT sitt løypenett er etter måten godt utbygd, sjå kartet «Turistforeningenes løypenett». Løypenettet fungerer som hovudårer for fotferdsle i heia sommarstid. Vinterstid vert det merka løyper mellom dei fleste turisthyttene. Stavanger turistforening har ansvar for løype- og hyttenettet i vest og Kristiansand og Oppland turistforening i aust. Løypene er den sørlege utløpar av det nasjonale sti- og løypenettet som mellom anna dekkjer det meste av Langfjella. I nord heng løypenettet saman med Hardangervidda og i aust med Setesdal Austhei. I alt 43 av DNT sine hytter ligg i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og 18 av desse ligg innafør verneplanområdet. Om vinteren er det omlag 10.000 overnattingar og om sommaren omlag 25.000 overnattingar på DNT sine hytter i heiområdet (tal frå 1991).

I tillegg har Statskog 28 hytter i verneplanområdet, 15 av desse vert leigd ut, i hovudsak i samband med jakt og fiske. Dette gjer at tilbodet til ålmenta er etter måten særst godt.

Jakt og fiske

Heiområdet er det viktigaste jaktområde for ålmenta i Agder-fylka og Rogaland, og eit viktig næringsgrunnlag for einskilde bruk og brukarar kring heia. Området har også hatt same funksjon for fritidsfiske. Forsuringa og reguleringar har redusert området sin verdi for fiske, men framleis vert deler av området mykje nytta.

Omlag 1/3 av verneplanområdet, Njardarheim v/Statskog og statsalmenningane v/fjellstyra, har fast organisering av jakt- og fisketilbodet for ålmenta, med eit godt utbygd hyttenett. Desse områda har høg verdi for ålmenta si tilgang til jakt. I resten av området er jakt ein viktig ressurs for grunneigarane anten dei jaktar sjølv eller leigar jakta bort. Omlag 20 % av villreinjakta og 30 % av småviltjakta (rype) er leigd bort i dei private områda (Mauland 1993). Det er ikkje gjort forsøk på å estimere verdien av jakta, men det er kjent at spesielt dei som har jaktfelt som ligg i dei særleg gode lirypeområda, kan oppnå særst gode prisar på utleige.

SETESDAL VESTHEI RYFYLKEHEIANE TURISTFORENINGENES LØYPENETT


- HYTTE (STF og KOT)
- ⋯ MERKA STI
- Verneforslag i denne planen
- Eksisterande verneområde
- - - Andre verneforslag i Rogaland

Mst. 1:500.000 Utteikna: 23-AUG-1995

0 10 20 30 km



Fylkesmannen i Aust-Agder
Fylkesmannen i Vest-Agder



Det vart felt i gjennomsnitt to ryper pr. km² pr. år i Njardarheim i 1987-89, innafor ei jaktid frå 26. september og omlag ut oktober. Jaktutbyttet var i gjennomsnitt 4,3 ryper pr. jeger pr. år. Jaktutbyttet er truleg betre i deler av det øvrige heiområdet. Felles for områda er at småviltjakta er dårleg utnytta då det vert jakta svært lite i mange område, sjølv om etterspurnaden etter rypejakt er mykje større enn tilbodet.

Det vart årleg felt om lag 700 villrein i heiområdet Setesdal-Ryfylke i perioden 1985-1994. Også for villreinjakt er etterspurnaden mykje større enn tilbodet.

Som følgje av forsuring og vassdragsregulering er dei naturlege aurebestandane borte i store deler av verneplanområdet. Det er framleis aure i deler av området (L'Abée-Lund 1985, Hansen 1986). Utsetjing av bekkerøye i reguleringsmagasin har vore vellukka og gjeve grunnlag for eit attraktivt fiske med stang og garn, som t.d. tilbod om garnfiske i Rosskreppfjorden (Haraldstad og Næsje 1986, Ousdal og Haraldstad 1988). Vassdragskalking sikrar høvet til å fiske på naturlege aurebestandar i forsuringstruga område som t.d. Taumevassdraget og øvre del av Ljosåni. Positive effektar av kalking på fiskestammene er dokumenterte gjennom prøvefiske utført av miljøvernavingane hjå fylkesmennene i Agderfylka.

Bruken av heia til jakt og fiske er estimert til å vere på omlag 17.000-18.000 persondøgn (Skåtan 1993). Omlag halvparten av denne bruken skjer i verneplanområdet.

Reiseliv

Reiselivnæring er eit nasjonalt satsingsområde og på ein skilde stader har reiselivsnæringa begynt å gjere seg gjeldande for sentrale deler av heiområdet. For Bykle kommune er reiseliv ein viktig del av næringslivet. I området Bykle-Hovden er det turistbedrifter som ligg nær opptil viktige kalveområde og trekkvegar for villreinen. I dette området er det også store hyttefelt. Elles ligg hotell og skianlegg i all hovudsak nedafor snaufjellet, som t.d. i Sirdal og Åseral. I desse kommunane spelar også reiselivet ei viktig rolle. Fleire større hyttefelt ligg tett inntil og tildels inne i vinterbeiteområda for villrein. Døme på slike hytteområde er Evardalen og Myklevatnområdet i Valle, Borteli og Ljosland i Åseral, gamle Knaben gruvesamfunn i Kvinesdal, Solheimsdalen og Ådneram i Sirdal. Både sommar og vinter er deler av verneplanområdet turterreng for brukarane av desse hytteområda.

Vegen mellom Brokke og Suleskar er bygd m.a. med tanke på å stimulere det lokale reiselivet. Det er utbygd rasteplassar langs vegen og kommunane marknadsfører vegen som ein turistattraksjon. Trafikken sommaren 1992 var på 400-600 bilar pr. døgn i veka og 1000 til 1100 bilar pr. døgn i helga. Dette er ca. halvparten av all trafikk som kjem opp Setesdalen på denne tida.

Tilgangen til vene naturområde er i dag viktig for fleire kommunar i verneplanområdet. Naturverdiane er ein grunnpillarsatsing i reiselivssatsinga.

2.4 Inngrep

Alle kjende inngrep i heiområdet er synt på kartet «Inngrep». Datagrunnlaget for dette kartet er det same som inngår i fleirbruksplanen (Hettervik 1993).

Vassdragsreguleringar

Dei siste konsesjonane for vasskraftutbygging i heiområdet vart gjevne i 1983. Då var det gjevne konsesjon for utbygging av 81 % av vasskraft-potensialet. Det meste av dette er utbygd, og det står att berre einskilde reguleringar. Store deler av heiområdet er såleis prega av vasskraftutbygging. Fleire stader i verneplanområdet dannar vassmagasina avgrensinga av verneplanområdet. Einskilde magasin ligg slik til at dei danner barrierer i eit elles samanhengande område. På einskilde elvestrekningar er det svært redusert vassføring i store deler av året. Fire store vasskraftprosjekt påverkar verneplanområdet i stor grad. Nedafor er det gjeve ei kort omtale av desse.

Sira-Kvina

I Siravassdraget er det Svartevannsmagasinet (31,5 km²) som er det største vassmagasinet. Dette magasinet skjer seg inn mellom *Rjuven* og *Auråhorten*. Det lange vassmagasinet *Valevatn/Gravann* (14,6 km²) dannar grensa mot *Lyseheiane* i sør.

I Kvinavassdraget er *Rosskreppfjorden* (29,7 km²) det største vassmagasinet. Dette magasinet går mest inn til kjerna av *Rjuven*. To andre dominerande magasin i dette vassdraget er *Øyarvatnet* (8,8 km²) og *Kvifjorden* (15,6 km²). Vestgrensa for verneområdet i *Valle-Byglandsheiane* og *Knaberøysi* går langs desse magasinane. *Eivindvatn* er eit mindre vassmagasin som ligg inne i *Knaberøysi*.

Ulla-Førre

Hovudmagasinet i Ulla-Førre utbygginga er *Blåsjø* (82 km²). Denne store kunstige innsjøen er arealmessig det største enkeltinngrepet i heiområdet, og dannar avgrensinga av *Dyreheii* i sørvest. Den smale passasjen for dyr og folk ved *Steinsbuskardet* oppsto som ein følge av oppdemninga av *Blåsjø*. *Steinsbuskardet* ligg søraust for magasinet ved *Storevassdammen*.

Øvre Otra

I Bykle kommune er dei fleste vassdrag som renn ut i Otra påverka av utbygging. Det er mange vassmagasin i området. Storleiken på desse er omlag 3-7 km². Dei største som ligg i verneplanområdet er: *Store Urar*, *Vatnedalsvatnet*, *Ormsavatnet* og *St. Førsvatn*. Alle desse ligg i eller opp til *Vatnedalsheii*. Det ligg føre ein konsesjon for ytterlegare heving av *Store-Urar* på 13 m. Vassmagasina *Lislevatn* og *Breidvatn* dannar avgrensing sør og nord for *Breidvatn*. Heilt nord i *Dyreheii* ligg det fleire mindre vassmagasin mellom *Sloaros*, *Langevatn* og *Skyvatn*. I dette området ligg også vassmagasinet *Skyvatn* som er på 5,8 km².

Skjerka

Nordvest i Mandalsvassdraget ligg kraftverket Skjerka. Samanlikna med vassmagasina elles i området, er magasina til dette kraftverket relativt små, med unntak av Nåvatn. Vassmagasina Kvernevatn, Stikil og Nåvatn ligg på grensa av *Knaberøysi* i aust. Nåvatn er smalt og langt (16 km) og er difor eit dominerande magasin i landskapet i søraust. Storevatn er eit vassmagasin i dette vassdraget som ligg inne i *Knaberøysi*. Det ligg føre planar om ytterlegare utnytting av vasskrafta i Skjerka. Desse planane går i hovudsak ut på å heve dei eksisterande magasina ytterlegare.

Vegar

61 vegar, med ei lengd frå 1,5 til 42 km berører heiområdet (Skåtan 1993). Samla lengd på desse vegane er omlag 456 km. Desse vegane pregar heiområdet og bruken av det. Ni vegar går inn i eller gjennom verneplanområdet, samla lengd på desse vegane er omlag 91 km. Nedafor er gitt ei kort omtale av desse vegane.

Langeidvatn-Hovden (Rv 39)

Deler av denne riksvegen (2 km) går langs *Breidvatn* og skil Setesdal-Vesthei frå Setesdal-Austhei.

Lislefjoddstølen-Mjåvatn

Denne vegen på ca. 2 km går inn i *Breidvatn*.

Vatnedalsvatn-Ormsavatn og Svingen-Bossvatn-Store Urar

Desse vegane går 14 og 20 km inn i *Vatnedalsheii*.

Sansa-Storevassdammen-Førrevassdammen

Dei siste 5 km av denne vegen går langs *Auråhorten*, og litt inn i *Steinsbuskardet*.

Maurehola-Landsløktjønn/Vikevatn og Knaben-Kvina gruver

Desse vegane går 5 og 1 km inn i *Knaberøysi*.

Rosskreppfjorden

Frå vegen Brokke-Suleskard går det ein veg på omlag 1 km opp til dammen ved Rosskreppfjorden.

Brokke-Suleskar

Omlag 25 km av fylkesvegen mellom Brokke i Valle kommune og Suleskard i Sirdal kommune ligg i verneplanområdet. Han dannar sørleg avgrensing av *Rjuven* og markerer nordre grense for *Valle-Byglandsheiane*.

Sirekrok-Lysebotn

Fylkesvegen mellom Sirekrok og Lysebotn går gjennom verneplanområdet og deler Lyseheiane i to, i omlag 6 km lengde.

Suleskard-Svartevatn-Dyngjavatn

Anleggsvegen frå Suleskard til Svartevannsmagasinet går gjennom verneplanområdet og skil *Lyseheiane* frå *Rjuven* i ei lengd på omlag 10 km. Vegen inn til Dyngjavatn går langs grensa til *Lyseheiane*.

Kraftliner

Som ei følge av kraftutbygginga, er det mange kraftliner i heiområdet. Sju av desse berører verneplanområda. Nedafor er gitt ei kort omtale av kvar i verneplanområdet ein finn kraftliner.

Ei kraftline går heilt aust i *Vatnedalsheii*. To kraftliner går gjennom *Steinbuskardet*, dannar nordgrense for *Rjuven*, og vidare gjennom *Steinheii*. På grensa mellom *Lyseheiane* og *Rjuven* går det ei kraftline. Det går og ei line heilt sør i *Lyseheiane*. Det går to liner i *Knaberøysi*, den sørlegaste på 22 kV frå Knaben til Skjerka skal leggjast ned i 1995-96.

Fritidsbustader og andre bygningar

I eller i nær tilknytning til heiområdet er det omlag 6000 hytter og fritidshus. Dei aller fleste av desse ligg i ytterkantane av heiområdet, og difor utanfor verneplanområdet. I dalar innover mot snaufjellet rundt heile heiområdet finn ein stølsmiljø. Stølsbuene vert nytta i samband med sauedrift, jakt og turar. Fjøs og andre uthus vert lite brukt. Interesse for å fornye og restaurere stølsmiljøa ser ut til å vere aukande i deler av området.

Turistforeiningane har 18 sjølvbetjente/ubetjente hytter og Statskog har 15 utleigehytter i verneområdet. Turistforeiningens hytter ligg spreidt frå Åseral i sør til Bykle i nord. Statskog sine hytter ligg alle i dei sentrale delane av *Rjuven*. Turisttrafikken er i hovudsak konsentrert til vinterferien, påska og sommaren. Statskog sine hytter har fram til no mest vert nytta i samband med jakt og fiske.

I tillegg ligg ein del private jakt- og fiskebuer og sankehytter i verneplanområdet.

2.5 Forureining

Dei to viktigaste kjeldene til forureiningsstoda i heiområdet er sur nedbør og radioaktivt nedfall.

Sur nedbør

Livsmiljøet for planter og dyr i store deler av heiområdet Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane tek lett skade av sur nedbør p.g.a. tungtvitrelege bergarter og lite lausmassar som i liten grad kan nøytralisera den sure nedbøren.

Sjølv om det enno finst reststammer att, er dei fleste fiskestammene sør for Bottsvatn i Bykle utdøydd, eller er sterkt reduserte, som følge av sur nedbør (SFT 1988, Henriksen m.fl. 1993). Mengda av aluminium, som er giftig for fisken, er likevel låg i heile området. Det er svært liten skilnad i vasskvalitet mellom vatn med fisk og fisketome vatn (L'Abée-Lund 1985, Hansen 1986). Relativt enkle kalkingstiltak kan gjenoppretta levevilkåra for fisk i deler av området.

I fleire undersøkingar er det påvist større førekomst av kadmium i nyrer hos rein i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Hardangervidda enn i område som er mindre påverka av sur nedbør. Ein del av dei undersøkte nyrene hadde meir kadmium enn det som blir tilrådd til konsum (Holte m.fl. 1985).

Radioaktivt nedfall

Som følgje av kjernekraftulukka i Tjernoby l har radioaktiviteten i villrein blitt undersøkt sidan 1986. Innhaldet av radioaktivitet i kjøt frå villrein i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane har vore langt under maksimumsgrensa for kva som blir tilrådd til konsum. Innhaldet av becquerel i reinsdyrkjøt har variert med høge verdiar om vinteren og lågare verdiar om sommaren. Måling i reinsdyr viser at radioaktiviteten frå Tjernoby lulukka har vist ein svak fallande tendens. Truleg vil det kome ned på eit normalt nivå om 20-40 år (Meli 1989).

2.6 Område verna etter naturvernlova

Hovden landskapsvernområde

Eit område i nordaustre del av Bykle kommune, aust for Rv 39 (59 km²) er verna som Hovden landskapsvernområde .

Vormedalsheia og Lusaheia landskapsvernområde

To område frå Jøsenfjorden og Øvre Tysdalsvatn inn på høgfjellet (ca. 190 km²) i Hjelmeland kommune er verna som Vormedalsheia og Lusaheia landskapsvernområde (vgl. res. 19. apr. 1991). Vormovassdraget (nr. 035/1) er varig verna mot kraftutbygging.

Vidmyr naturreservat

Eit myrområde nord for Hovden, vest for Otra (9,5 km²) i Bykle kommune er freda som Vidmyr naturreservat.

Lislevatn naturreservat

Lislevatn nordaust for Vidmyr i nordre del av Bykle kommune, vest for Rv 39 (1,1 km²) er den rikaste våtmarkslokaliteten for fugl i indre Agder og er verna som naturreservat.

Lykkjevatn naturreservat

Eit myrkompleks (81 daa) vest for Lykkjevatn, i Lyngdalsvassdraget, 3,5 km nordaust for Espeskard i Hægebostad kommune, er verna som naturreservat. Myra ligg i *Knaberøysi*.

2.7 Verna vassdrag

Lyngdalsvassdraget (Lygna)

Lygna (nr. 024/2, nedbørfelt 683 km²) i Hægebostad og Lyngdal kommunar er varig verna mot vasskraftutbygging (St.prp. nr. 89 (1984-85)). Den øvre sjettedelen (110 km²) av vassdraget ligg innafør verneplanområdet.

Njardarheim og traktene omkring

Eit samanhengande område i Bykle, Valle og Bygland kommune vest for Otra over kote 570 frå Bossvatn i Bykle til Storstraumen i Byglandsfjord (nr. 021/1) er varig verna mot vasskraftutbygging (St.prp. nr. 4 (1972-73)). Området omfattar deler av 12 sidevassdrag til Otra, øvre deler av Monn- og Lognavassdraga øvst i Mandalselva og øvre del av Kvinavassdraget). Store deler av vassdraga ligg i *Rjuven* og *Valle/Byglandsheiane*.

Taumevassdraget

Ein arm av Siravassdraget i nordaust, ned til innlaupet av Store Holmevatn (nr. 026/2, nedbørfelt 60 km²) i Sirdal kommune er varig verna mot vasskraftutbygging (St. prp. 77 (1979-80)). Denne delen av Sirdalsvassdraget er kalla Taume-vassdraget. Størstedelen av vassdraget ligg i *Rjuven*.

Bykil

Innsjøen Bykil i Bykle kommune er verna mot ytterlegare heving (St.prp. nr. 4 (1972-73)).

2.8 Forslag til verneområde etter naturvernlova utanom verneplanen

Kvanndalen og Dyraheio landskapsvernområde og Holmevassåno biotopvernområde

Deler av heiområdet som ligg i Suldal kommune er foreslått verna som Kvanndalen landskapsvernområde (84 km²), Dyraheio landskapsvernområde (ca 300 km²) og Holmevassåno biotopvernområde (23 km²). Forslaget er no på sentral høyring i Direktoratet for naturforvaltning.

Frafjordheiane nasjonalpark

Eit heiområde innafor Frafjorden mellom Hunnedalen i sør og Lysefjorden i nord (ca. 250 km²) i Forsand, Gjesdal og Sirdal kommunar er foreslått sikra som Frafjordheiane nasjonalpark (St.meld. nr. 62 (1991-92)). Frafjordheiane er lite påverka av inngrep og bruk. Interesse for fotturar i området har auka dei siste åra. Deler av området er utan tekniske inngrep (urørte område 1-3 km frå inngrep). Frafjord- og Espedalsvassdraget (nr. 030/1 og 030/2) vart i Samla plan for vassdrag vurdert som uaktuelle for vasskraftutbygging. Deler av Frafjordvassdraget er varig verna (St.prp.118 (1991-92)). Området har høgt prioriterte verneinteresser innan geologi, landskap, botanikk og zoologi og har samstundes høg verdi både som type- og referanseområde. Det er store kulturvern- og friluftsiinteresser i området.

Vestvassdalen barskogreservat

Ein del av eit dalføre (2,6 km², 6-800 m.o.h.) seks km søraust for Knaben i Kvinesdal kommune og åtte km nord for Espeskardet i Hægebostad kommune har vore på høyring i samband med verneplan for barskog. Området ligg isolert og relativt langt frå og høgare over havet enn den samanhengande furuskogen. Hogst, beite og lyngbrenning har gitt området ein viss kulturpåverknad, men mykje av den gamle furuskogen står likevel urørt. Området har status som sær s verneverdig, og vart foreslått som eit supplementsområde i denne regionen. I fylkesmannen si vurdering etter den lokale høyringa, framgår det at eit alternativ til vern i barskogsplanen er at området vert verna som landskapsvernområde i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane.

3. VERNEKRITERIER OG TRUGSMÅL

3.1 Vernekriterier

Framlegget om vern tek utgangspunkt i dei vernekriteria som er framheva i landsplanen for nasjonalparkar og andre større verneområde i Noreg (St.meld. nr. 62 (1991-92)). Vidare er stortingsmeldinga om FN-konferansen om miljø og utvikling (St.meld. nr 13 (1992 - 1993)) og friluftsmeldinga (St.meld nr. 40 (1986-87)) viktige dokument som danner grunnlag for verneframlegget. Nedafor følgjer ei nærare omtale av vernekriteria.

Naturgeografisk representativitet

I Norden er det i alt 60 naturgeografiske regionar. Det naturfaglege grunnlaget for inndeling i regionar er geologi, landskap og plantesamfunn. Å verna eit representativt utval av område i dei naturgeografisk regionane har tradisjonelt vore det viktigaste kriteriet ved oppretting av større verneområde. Region 35 (fjellregion i søndre del av fjellkjeden) er eit døme på ein region med stor variasjon innan regionen. Av denne grunn er han delt inn i 10 underregionar. Det er eit nasjonalt mål at det skal sikrast større representative naturområde i alle underregionane. I underregion 35b (Setesdalheiane) som utgjer hovuddelen av verneplanområdet, er det idag ikkje oppretta større samanhengande verneområde.

Urørte naturområde

Utviklinga fortel at andelen av villmark i Sør-Noreg har gått frå 27 % i år 1900 til ca. 8 % i 1992 (St.meld. nr. 62 (1991-92)). Nye tal frå Agder og Rogaland viser at det berre er att 1,8 % kvalifisert villmark i landsdelen, sjå tab. 2.1. Den markante reduksjon av store urørte område som har vore i dette hundreåret viser at det hastar med å verne desse områda før dei siste restane går tapt. Sidan det er så lite igjen av inngrepsfrie område i landsdelen er dette vernekriteriet særskilt viktig i denne verneplanen. Store deler av dei gjenverande urørte naturområda i landsdelen som ikkje er verna, ligg innafør verneplanområdet.

Plante og dyrelivet

I samband med vern av større naturområde er det viktig å sikra heile variasjonsbreidda av representative plantesamfunn. Det er også ei sentral oppgåve å ta vare på den floristiske variasjonen i området, både dei typiske og dei sjeldsynte planteartene. Førekomsten av plantesamfunn og enkeltarter må det takast omsyn til ved grensdragninga av verneområdet.

Eit særskilt vernekriterium i samband med større verneområde er sikring av kjerneområde for artar som Noreg har nasjonalt og internasjonalt ansvar for å ta vare på. Døme på slike artar er jaktfalk, kongeørn og villrein. Desse artene treng store område frie for inngrep og uroing. Noregs fjellområde utgjer den siste skansen for villreinen i Europa, og villreinstamma i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane er den sørlegaste av desse. Skal ein ta vare på villreinstamma i

heiområdet for ettertida, er det ein føresetnad at dei gjenverande områda ikkje vert utsett for ytterlegare inngrep. Det er og naudsynt at ein har verkemiddel for å regulere ferdsla på einskilde stader og til einskilde tider.

Varig verna vassdrag

I kap 2.7 er nemnd tre vassdrag i verneplanområdet som er varig verna mot vasskraftutbygging. Gjennom rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag vert dei vassdragsnære områda sikra, men hindrar ikkje andre inngrep innafor nedbørsfeltet. Utanom skader grunna sur nedbør, vil det berre vere ved hjelp av vern etter naturvernlova at ein kan sikre naturen i nedbørfelta tilstrekkeleg.

Friluftslivet

Å kunne by dei framtidige generasjonar inngrepsfrie naturområde som representerer dei fleste av Noregs varierte landskap- og naturtypar er eit viktig motiv for å verne større naturområde. Heiområdet har ein sær sentral plass for det tradisjonelle friluftslivet både i landsdelen og nasjonalt. Det er difor viktig å ta vare på landskapet og dei opplevingskvalitetane som er att i eit heiområde som mange stader er prega av inngrep.

Kulturminne

Vern av kulturminne i eit intakt landskap er og eit av motiva for å opprette verneområde. Kulturminnelova tek vare på sjølve kulturminnet, men vernar ikkje landskapet ikring. Heiområdet si mangslungne og spesielle kulturhistorie som kulturminna er synlege teikn på, vil langt på veg verte ivareteke med eit vern. For einskilde nyare tids kulturminne er planmessig skjøtsel og vedlikehald naudsynt for at dei ikkje skal forsvinne. Skjøtsel av desse er føresett å inngå i forvaltninga av området.

3.2 Trugsmål

Dei verneverdiane som er skissert ovanfor vert truga frå fleire hald. Trugsmåla ligg m.a. i nasjonale satsingsområde eller nasjonalt grunnjevne behov for ressursutnytting og arealbruk som inneber tyngre tekniske naturinngrep. I mindre skala vil bruksendringar i den tradisjonelle områdebruken kunna medføre verknader for dei verdiane området inneheld. Dette kan på sikt undergrava kvaliteten. Nedafor er gitt ei kort omtale av trugsmål og ulike tiltak ein ser for seg i nær framtid. For å vurdere verknadene av desse er det naudsynt ikkje berre å sjå på kvart einskildt trugsmål, men summen av dei over tid.

Vasskraftutbygging og kraftliner

Sjølv om store deler av vasskraftpotensialet i heiområdet er utnytta finst det enno vasskraftressursar som ikkje er utbygde. Dette gjeld både vassdrag eller deler av

vassdrag som idag ikkje er berørt og utviding av eksisterande anlegg. Meir kraftutbygging vil truge dei fleste av verneverdiane. Vegnettet som følger av ei utbygging vil også truge verneverdiane, særleg om dei aukar ferdsla vesentleg og opnar for eit utbyggingspress med hytter og turistanlegg.

I samband med kraftutbygging er det trong for kraftliner til energitransport. Sidan nokre av dei største kraftstasjonane i Noreg ligg kring verneplanområdet, vil områda mellom desse vera utsette for krav om nye liner. Det er stadig planar om nye liner ettersom m.a. krafteksport/-utveksling med utlandet medfører trong for fleire liner og større overføringskapasitet for kraft. Kraftlinene trugar i første rekkje med oppsplitting av dei urørte områda, men kan også være eit trugsmål mot viltet. Kraftliner dominerer landskapsbilete over store område og kjem såleis og i konflikt med friluftslivet.

Gassrørledning

Planar for overføring av gass frå Nordsjøen til Rogaland og vidare over fjellet til Austlandet har vore på høyring. Traseen for denne ledningen kryssar heiområdet og vil kunne være eit trugsmål mot villreinstamma. Gassrørledning vil også truga landskapsverdiane og dei andre verneekvalitetane.

Vegbygging

Bygging av anlegg for samferdsle frå bygdelag til bygdelag over hei- og fjellpartia i verneplanområdet har vore viktig for utviklinga av bygdene. Bygging av veganlegg har vore utført både for å letta ålmenn ferdsle og for å opna nye område for turisttrafikk. I tillegg kjem veganlegg som er bygde i samband med kraftutbygging og som er naudsynte for tilsyn og vedlikehald av slike. Denne typen vegar har i særleg grad opna heiområdet for ferdsle.

På sikt er det påreknleg at det vil koma nye krav om vegar som kryssar heiområda, særleg i ytterkantane og vegar som opnar nye område for utbygging. Følgjene av slike veganlegg er at dei ofte opnar for utbyggingspress med hyttebygging og turistanlegg. Ved sida av at dette endrar landskapet, fører det til vesentleg auke i ferdsla og kan såleis forstyrre dyrelivet, særleg villreinen. Ei avsnøring av høgareliggjande landtunger i yttarkanten av heiområdet kan føra til at villreinens leveområde vert redusert.

Reiseliv

Reiselivet har naturen i området som ein av dei viktigaste ressursane. Denne næringa er eit satsingsområde for kommunane kring heiområdet. Den ferdsla som reiselivsutviklinga i dalføra fører med seg, vil normalt ikkje koma i konflikt med verneverdiane. Utbygging av større reiselivsanlegg tett opp til eller inne i heiområdet kan imidlertid medføre eit stort press på naturgrunnlaget, særleg ved forstyrring av dyrelivet ved omfattande ferdsle. Det spesielle i dette heiområdet er alle vegane som gjer det mogleg å tilby biltransport heilt inn i sentrale deler av området. Saman med båttransport på dei store vassmagasina kan ein nå inn i dei mest sentrale delene av heiområdet på særskilt kort tid. Nokre av desse områda vil i deler av året vera sårbare for auke i ferdsla.

Friluftsliv

Om omfanget av friluftsliv vert for stort vil det kunne truge dei opplevingsverdiane folk søker i hei og fjell. Likeins kan naturverdiane ta skade. Sårbare område som kalvingsplassar og trekkvegane for villrein samt hekkeplassar for einskilde fuglearter tåler ikkje uroing i einskilde deler av året.

Det er eit ønskje om å få byggje fleire turisthytter i heiområdet. Dette vil lette fotferdsle i området og dermed kunne auke omfanget av ho.

Statskog har 15 utleigehytter i *Rjuven*. Dette tilbodet er fram til no berre marknadsført forsiktig. Ein kan forvente at bruken av hyttene aukar. Med utgangspunkt i desse utleigehyttene er det eit potensiale for auka ferdse i dei sentrale delene av heiområdet.

Fritidbusetnad - jakt og fiske

Fritidbusetnaden i heiområdet er oftast lokalisert til ytterkantane. Også her spelar vegane ei rolle då dei har opna heiområdet for hyttebygging og stor ferdse i sentrale deler. Vegane gjer at folk raskt og enkelt tek seg inn i området frå fritidsbustadane. Bygging av einskildhytter spreidd i heia på lokalitetar som er sårbare for dyrelivet vil vera eit av trugsmåla mot villreinenes leveområde. Slike hytter fører lett til auka motorisert ferdse med snøscooter og auka fotferdsle sommar og haust. Ombygging og brukendring av stølar til fritidsformål og utleigeverksemd vil ha same effekt. I heiområdet er det eit visst press for å få byggje hytter, jakt- og fiskebuer som skal nyttast i samband med bruksretthavars eiga jakt og fiske og til utleigeføremål. Slik marknaden for jakt og fiske truleg vil utvikla seg, kan det her kome eit større press for å få setja opp nye bygningar i det sentrale heiområdet. Desse hyttene er tenlege for utnyttinga av vilt og fisk, men vil og være årsak til auke i ferdsla, mellom anna den motoriserte ferdsla.

Landbruk

Landbruket nyttar heia i første rekkje som beiteområdet for sau. Stadvis er beitetrykket så høgt at naturkvalitetane er forringa. Landbrukstilknytt turisme, såkalla bygdeturisme, er eit nasjonalt satsingsområde. Denne turismen, særleg den som er basert på utmarksressursar som jakt, fiske eller natur-guiding, har eit potensiale i området. Utmarksturismen kan stadvis verte eit trugsmål mot vernekvalitetane. Oppbygging av gamle stølar og læger og andre tiltak som aukar ferdsla i området, må ta omsyn til den tolegrense naturen har. Dette er naudsynt for at næringa vedvarande skal kunne nytte desse ressursane som grunnlag for opplevingsturisme.

4. VERNEFORMER OG HØYRINGSUTKAST

Følgjande verkemiddel er aktuelle for å sikre dei ovanfor nemnde vernekvalitetane i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane:

- nasjonalpark med heimel i naturvernlova §§ 3 og 22.
- landskapsvernområde med heimel i naturvernlova §§ 5 og 22
- biotopvernområde med heimel i viltlova § 7

4.1 Nasjonalpark

Heimelen for forslaget om nasjonalpark er naturvernlova § 3:

"For å bevare større urørte eller i det vesentlige urørte eller egenartede eller vakre naturområder kan arealer av statens grunn legges ut som nasjonalpark., Grunn av samme art som ikke er i statens eie, og som ligger i eller grenser inntil arealer som nevnt i første punktum, kan legges ut som nasjonalpark sammen med statens grunn. I nasjonalparker skal naturmiljøet vernes. Landskapet med planter, dyreliv og natur- og kulturminner skal vernes mot utbygging, anlegg, forurensninger og andre inngrep."

Nasjonalpark er eit forholdsvis strengt vern som set krav til at området skal vere eigenarta, vakkert, lite eller ikkje påverka av inngrep. Nasjonalpark er godt egna for vern av store urørte naturområde. Nasjonalparkomgrepet signaliserer i sterkare grad enn landskapsvernområde at området er ein viktig del av den nasjonale naturarven.

Vern av det totale naturmiljøet inklusive heilskapen i landskapet er eit hovudmål for ein nasjonalpark. Vernet må omfatte alle sider av landskap og naturmiljø medrekna plante- og dyrelivet. I tillegg kjem normalt eit ønskje om å sikre store samanhengande område for friluftsliv.

Plantelivet i nasjonalparkar er med nokre unntak verna mot all skade og øydelegging som ikkje følgjer av vanleg ferdsle etter friluftsløva og husdyrbeiting.

I nasjonalparkane gjeld det generelle vernet av viltet medrekna egg, reir og bo, mot skade og øydelegging av alle slag. Eit naturleg utgangspunkt for regulering av jakt og fangst er reglane etter viltlova. Leveområda for viktige viltarter vil vere sikra gjennom dei vanlege reglane om vern av landskapet og plantelivet i ein

nasjonalpark. For å sikre viltet mot uroing kan ein nytte naturvernlova sin § 22, 2. ledd :

"I nasjonalparker kan Kongen på samme måte forby motorisert ferdsel og kan også innanfor nærmere avgrensede områder regulere andre former for ferdsel når hensynet til naturmiljøet og de forhold nevnt i første ledd særleg talar for det."

Plante- og dyrearter som ikkje var i nasjonalparken på fredningstidspunktet må ikkje først inn i ein nasjonalpark. Eit unntak kan vera gjeninnføring av arter som lokalt er utrydda.

Store deler av heiområdet har naturkvalitetar som ligg til grunn for nasjonalparkar elles i landet. Innafor verneplanområdet er det fleire delområde som oppfyller dei krav som ein nasjonalpark set til store samanhengande urørte området. Dei fire største av desse er *Rjuven*, *Valle/Byglandsheiane*, deler av *Dyreheii* og deler av *Knaberøysi*. Naturvernlova set i utgangspunktet krav til at det er statseigedom som kan sikrast til nasjonalpark. Men etter § 3 kan «*grunn av samme art som ikke er i statens eie, og som ligger i eller grenser inntil*» dei statseigde areala leggest ut til nasjonalpark saman med statens eigedom. Kjerneområda i *Rjuven* er statseigedom og er såleis den einaste delen av planområdet som heilt oppfyller krava til nasjonalpark. Privat grunn rundt statseigedomen er å rekne som «*grunn av samme art*» og oppfyller difor krava til nasjonalpark.

4.2 Landskapsvernområde

Heimelen for forslaget om landskapsvernområde er naturvernlova sin § 5:

"For å bevare egenartet eller vakkert natur- eller kulturlandskap kan arealer legges ut som landskapsvernområde. I landskapsvernområde må det ikke iverksettes tiltak som vesentlig kan endre landskapets art eller karakter. Fylkesmannen avgjør i tvilstilfelle om et tiltak må anses å ville endre landskapets art eller karakter vesentlig."

Landskapsvernområde er ei noko mindre restriktiv form for områdevern enn nasjonalparkar og kan brukast i område med stor grad av kulturpåverknad. Verneforma kan og nyttast for å ivareta heilskapen der ein har mosaikk av kulturpåverka og meir urørte område. Det er godt egna til bruk i store naturområde der det er viktig å vidareføre utnytting som er i gang. Denne utnyttinga, ofte nemnd som tradisjonell bruk, kan som regel halde fram uhindra av vernereglane. Såleis er jordbruk og skogbruk som tek rimeleg omsyn til landskapet, tillate i mange landskapsvernområde. Det kan være ønskjeleg å halde fast på ein kulturpåverknad gjennom t.d. husdyrbeiting og ein varsam hogst i området for å unngå tilgroing eller andre uønska endringar i landskapsbiletet. Hovudformålet med landskapsvernområde er å sikre heilskapen i landskapsbiletet. Freding av planter er vanlegvis ikkje aktuelt i eit landskapsvernområde.

For å sikre dyrelivet må ein verne om viltet og leveområda. Eit landskapsvernområde sikrar leveområda for viktige viltarter mot nye uheldige tekniske inngrep. Men det inneber ikkje noko direkte vern av dyrelivet utover det generelle vernet i viltlova. For å sikre dyrelivet mot uroing kan ein såleis nytte § 22, 1. ledd i naturvernlova:

"I landskapsvernområder kan Kongen forby enhver ferdsel hele året eller en del av året når det anses nødvendig for å bevare plante- eller dyrelivet eller geologiske forekomster."

Dersom det vert sett på som turvande for å ta vare på dyrelivet, kan ein såleis leggje ned totalt forbod mot ferdsle i eit landskapsvernområde med heimel i naturvernlova § 22. Forbodet treng ikkje gjelde heile verneområdet. Ved å leggje til ein heimel om regulering av ferdsle etter § 22 i naturvernlova kan ein sikre viktige kalveområde og trekkvegar for villreinen mot forstyrning.

Vern av dyrelivet kan også skje i medhald av § 14 i naturvernlova.

På fleire mindre areal innafor verneplanområdet finst det i dag inngrep som ein normalt ikkje finn innan naturverna område. Det er likevel ikkje uvanleg i norske landskapsvernområde at slike mindre inngrepsområde av omsyn til arrondering og høveleg grensedragning likevel vert tekne med. Særleg omsynet til villreinen områdebruk tilsier at tek med område der det finst inngrep. Særleg i Bykle heiane er det fleire område som ligg mellom reguleringsmagasin og vegar. Desse områda er så store og har landskapskvaliteter som minst tilsvarar det ein finn i andre føreslegne landskapsvernområde i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane. Heile verneplanområdet kan såleis leggst ut som landskapsvernområde, sjølv om det er reist tvil om landskapsvernområde er det best egna verkemiddel i alle einskildområde.

4.3 Biotopvernområde

Heimelen for forslaget om biotopvern er viltlova § 7, 2. ledd om vern av viltets leveområde (biotopvern):

"I områder som har særlig verdi for viltet, kan Kongen fastsette forbud mot anlegg, bygging og annen virksomhet, herunder ferdsel, dersom dette er nødvendig for å bevare viltets livsmiljø. "

Saksgangen i biotopvernsaker er den same som i fredningssaker etter naturvernlova. Vern av spesielle trekkvegar og kalveområde for storvilt er i viltlovsproposisjonen (Ot. prp. nr. 9 (1980-81)) nemnd som typiske døme på aktuelle biotopvernområde. Departementet peiker på ei generell erkjenning av at menneskeleg verksemd som regel er til skade for viltet og at ein trekkveg for storvilt er eit typisk område som kan trenge vern mot bygging og anlegg.

Biotopvern etter viltlova gjev heimel til å forby eller regulere all menneskeleg aktivitet heile eller deler av året. Reglane for biotopvernet må vere turvande for å ta vare på viltets livsmiljø.

I motsetning til områdevern etter naturvernlova gjev biotopvern etter viltlova ikkje heimel til å utføre skjøtselstiltak etter eigen forvaltningsplan. Dette gjer at alle tilretteleggingstiltak for å auke området sin verdi for viltet eller for å kanalisere ferdsle, informasjonstiltak i terrenget o.l. må heimlast direkte i verneføresegnene. Tiltak ut over dette må skje på grunnlag av avtalar med grunneigar.

Fleire trekkveggar og kalveområde i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane ligg i område som er så sterkt påverka av inngrep (vegar, damanlegg, regulerte vatn, kraftliner), at dei er reist tvil om landskapsvernområde er eit egna verkemiddel i desse områda. Innafor verneplanområdet er det fire ulike stader der biotopvernområde etter viltlova § 7, 2.ledd kan være aktuelt alternativt verkemiddel. Dette er kalveområda *Vatnedalsheii* og *Steinheii* samt trekkvegane *Breidvatn* og *Steinsbuskardet*.

4.4 Høyringsutkast

Drøftinga framfor syner at det er fleire alternative verneformer og kombinasjonar av verneformer som er aktuelle innafor verneplanområdet. Det avgjerande for val av verneform er at ein får eit tilstrekkeleg vern for å ivareta verneverdiane på lang sikt. Uansett val av verneform vil det være avgjerande at ein har verneforskrifter som fangar opp den arealbruken og dei tiltaka ein ser trugar vernekvalitetane.

Eit overordna mål ved vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane er å få ei einsarta og enkel forvaltning av heiområdet. Dette må ein ha for auga når ein skal velgja verneform og utforma verneforskrifter. Det er difor eit alternativ å leggje heile verneplanområdet ut som Setesdal-Vesthei landskapsvernområde. Føresetnaden for dette er at vernereglane gjev heimel for å differensiere verkemidla innafor området, særleg med omsyn til regulering av ferdsle.

Viktige argument mot dette er at deler av området har inngrep som reiser tvil om landskapsvernområde er den rette verneforma. Desse områda er alle sær sentrale område for villreinen og biotopvernområde kan difor være det rette der. Det er likevel ikkje avgjerande avvik frå norsk fredningspraksis om ein inkluderer mindre område med tekniske inngrep i eit stort landskapsvernområde, særleg når mellomliggjande område har store landskapskvalitetar.

Innafor verneplanområdet er det også område som klart tilfredstiller krava om urørt natur og dei natur- og kulturfaglege krav som vert stilt til ein nasjonalpark. *Rjuven* skil seg ut ved at han på alle måtar tilfredstiller desse krava. Samstundes ligg området hovudsakleg på statleg grunn.

Ut frå desse hovudargumenta og ut frå dei føringar som er gjevne i saka fram til no legg fylkesmennene i Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland fram fire hovudalternativ for vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane. Gjennom høyringsprosessen er siktemålet å få fram dei viktigsta for- og motargumenta for dei ulike alternativa.

Alternativ 1:

Rjuven vert lagt ut som nasjonalpark. *Vatnedalsheii*, *Steinheii*, *Breidvatn* og *Steinsbuskardet* vert lagt ut som biotopvernområde. Dei resterende areala vert lagt ut som *Dyreheii*-, *Auråhorten*-, *Lyseheiane*-, *Valle/Byglandsheiane* og *Knaberøysi* landskapsvernområde.

Alternativ 2:

Heile området vert lagt ut som Setesdal-Vesthei landskapsvernområde.

Alternativ 3:


Vatnedalsheii, *Steinheii*, *Breidvatn* og *Steinsbuskardet* vert lagt ut som biotopvernområde. Det resterende areal vert lagt ut som Setesdal-Vesthei landskapsvernområde.

Alternativ 4:


Rjuven vert lagt ut som nasjonalpark. Dei resterende areala vert lagt ut som *Dyreheii*-, *Auråhorten*-, *Lyseheiane*-, *Valle/Byglandsheiane*-, *Knaberøysi*-, *Vatnedalsheii*- og *Steinheii* landskapsvernområde.

Desse 4 alternativa er synt på verneplankartet i målestokk 1:1 mill. på side 42. For nærare detaljar om avgrensing vert det vist til verneplankartet i målestokk 1:200.000 på side 59.

ALTERNATIV 1



ALTERNATIV 2



SETESDAL VESTHEI RYFYLKEHEIANE

VERNEPLAN

- Biotopvernområde
- Landskapsvernområde
- Nasjonalpark

Mst. 1:1 mill. Utteikna: 07-JUL-1995


0 25 50 km




Fylkesmannen i Aust-Agder
 Fylkesmannen i Vest-Agder
 Fylkesmannen i Rogaland



ALTERNATIV 3



ALTERNATIV 4



4.5 Arealomfang av vernet.

Nedafør er vist areala på dei ulike verneområda, areala på desse i den einsskilde kommune, totalt areal i den einsskilde kommune og heile arealet som vert føreslått verna (tab. 4.5).

Tabell 4.5. Areal i km² av dei føreslegne verneområda i kommunane.

	T o t a l t	B y k l e	V a l l e	B y g l a n d	Å s e r a l	H æ g e b o s t a d	S i r d a l	K v i n e s d a l	F o r s a n d
Auråhorten	82	82	0	0	0	0	0	0	0
Breidvatn	7	7	0	0	0	0	0	0	0
Dyreheii	401	401	0	0	0	0	0	0	0
Knaberøysi	411	0	0	0	226	89	0	96	0
Lyseheiane	169	0	0	0	0	0	132	0	37
Rjuven	694	102	390	0	0	0	202	0	0
Steinheii	28	27	1	0	0	0	0	0	0
Steinsbuskardet	20	20	0	0	0	0	0	0	0
Valle-Byglandsheiane	435	0	108	313	0	0	14	0	0
Vatnedalsheii	256	256	0	0	0	0	0	0	0
Sum	2503	895	499	313	226	89	348	96	37

5. FORSKRIFT FOR VERNEOMRÅDA

5.1 Nasjonalpark

FORSKRIFT OM VERN AV RJUVEN NASJONALPARK I BYKLE OG VALLE KOMMUNAR I AUST-AGDER FYLKE OG SIRDAL KOMMUNE I VEST-AGDER FYLKE

I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr 63, § 3 jfr. §§ 4, 21, 22 og 23, er det ved kgl.res. av XX.XX 19XX gjort vedtak om oppretting av Rjuven nasjonalpark.

II

AVGRENSING

Rjuven nasjonalpark ligg i kommunane Bykle og Valle i Aust-Agder fylke og Sirdal kommune i Vest-Agder fylke. Det samla arealet er på 694 km² og berører følgjande gnr./bnr.:

(Ikkje justert og kontrollert)

Bykle kommune: 7/1,2 10/1,2,3,4,10 11/1,2,4

Valle kommune: 21/1,4,5,6,8,10,15 26/2,3,4,6,7,9 50/1,5,6,7,8,9,13 51/1,3,4,5,6
55/2,3,60/1,2,3,4,5,6,8,30,35,62/1,2,3,4,5,6,8,14,21,63/1,2,3,5,6,7,8,10,11,20,21

Sirdal kommune: 1/1,2,4,7 2/3,4,5,8

Grensene for nasjonalparken er teikna inn på kart i målestokk 1:50.000. Kartet og vernereglane blir oppbevarte i dei berørte kommunane, hjå fylkesmennene i Aust- og Vest-Agder, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Den nøyaktige grensa for nasjonalparken skal merkast opp i marka etter nærare tilvisning frå forvaltningsstyresmakta. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

III

SONER

Innafor nasjonalparken er det særskilde kalvingssoner for villrein. Desse er Ratevassnuten (3) og Svarvaren (4) kalvingssoner (sjå verneplankartet s. 59).

Innafor nasjonalparken er det trekksoner for villrein. Desse er Steinsbuskardet-sør (8), Svarteløkfjell (9) og Vardsvatn-Kvislevassknuten (10) trekksoner.

Grensene for desse sonene er teikna inn på kart i målestokk 1:50.000. Kartet vert oppbevarte i dei berørte kommunane, hjå fylkesmennene i Aust- og Vest-Agder, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet. Direktoratet for naturforvaltning kan ved forskrift endre grensene for desse sonene.

IV

FØREMÅLET

Rjuven nasjonalpark har til føremål:

1. Å ta vare på eit særmerkt og vakkert naturområde i urørt eller vesentleg urørt tilstand, med fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, samt kulturminne.
2. Å ta vare på ein viktig del av eit samanhengjande fjellområde som leveområdet for den sørlegaste villreinstamma i Europa.
3. Å gi ålmenta høve til naturoppleving (ikkje motorisert) i desse områda når dette ikkje strir mot 1. og 2. føremål.

V

VERNEREGLAR

1. Landskapet

- 1.1 Landskapet skal vera freda mot tekniske inngrep av einkvar art. Dette gjeld til dømes:

Bygningar, anlegg og gjerde, vegbygging, jernbanebygging, bergverksdrift, vassdrags-regulering, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, drenering og anna form for tørrlegging, lausbryting og fjerning av stein og mineral, framføring av røyr i og over bakken, framføring av luft- og jordledningar, bygging av bruer og klopper, merking av stier og løyper, plassering av campingvogner og bubilar. Opplistinga er ikkje uttømmande.

- 1.2 Om ikkje anna er nemd i punkt 1.3 kan eksisterande bygningar, anlegg, gjerder, stier og løyper med bruer, klopper, vardar, merking m.v. kunne oppretthaldast og vedlikehaldast, men ikkje endrast, byggjast om eller utvidast.
- 1.3 Ved brann eller naturskade på bygningar kan forvaltningstyresmakta nekte oppattbygging eller setje vilkår for oppattbygging, av omsyn til verneføremålet. Forvaltningsstyresmakta kan nekte vedlikehald av stier

og løyper med bruer, klopper, vardar, merking m.v. av omsyn til verneføremålet.

1.4 Forvaltningsstyresmakta kan når særlege grunner ligg føre, gje løyve til

- å føre opp bygningar og anlegg i samband med oppsyn
- bygging av bruer og klopper
- opparbeiding og merking av nye stiar og løyper
- stenging av skårfeste

2. Plantelivet

2.1 Vegetasjonen, også daude tre og buskar, er freda mot skade og øydeleggjing av einkvar art som ikkje skuldast vanleg ferdsle og tradisjonell utmarksbeiting. Planting, såing og gjødsling er forbode. Nye plantearter må ikkje innførast.

2.2 Unnateke frå bestemmelsene i pkt. 2.1 er

- bruk av trevirke (ris) til lovleg snarefangst
- bruk av nedfalt virke og nedfalt tørre eller friske kvistar i samband med bål på plassen
- sanking av bær og matsopp, samt plukking av vanlege blomar og friske kvistar til pynt for eige bruk

2.3 Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til hogst av trevirke til brensel for hytter og stølar i nasjonalparken.

3. Dyrelivet

3.1 For viltet (viltlevande landpattedyr, fuglar, amfibier og krypdyr) gjeld reglane i viltlova. Nye dyrearter må ikkje innførast. Direktoratet for naturforvaltning kan avgjere at dyrelivet i heile eller i einskilde soner av nasjonalparken skal vere totalfreda. Direktoratet kan unnta einskilde arter frå vanleg jakt.

3.2 Fiske er tillate etter lov om lakse- og innlandsfiske. Nye fiskearter eller næringsdyr for fisk må ikkje innførast. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til utsetjing av fisk i samband med reetablering av fiskestammer. Kalking er forbode, men forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til kalking av vatn i nasjonalparken. Det skal gjennom forvaltningsplanen fastsetjast kalkingsfrie referanseområde.

4. Beitebruk

Om beitetrykket frå beitande tamdyr vert så høgt at det strir mot punkt 1 og 2 i føremålet med vernet, kan talet på beitedyr ved forskrift regulerast av Direktoratet for naturforvaltning.

5. Ferdsle og anna aktivitet

Alle skal oppføre seg omsynsfullt for ikkje å skade natur- og kulturverdiar, forstyrre dyrelivet eller vere til ulempe for andre.

- 5.1 Større organiserte arrangement som idrettsarrangement, jaktprøver, fot- og skiturar, hundekøyring og naturguiding m.v. er forbode.
- 5.2 Bruk av ridehest og sykkel er berre tillate langs særskilte trasear.
- 5.3 Bruk av motorredskap er tillate berre i samband med lovleg næringsverksemd og forvaltnings- og skjøtselsoppgåver.
- 5.4 I alle kalvingssoner for villrein er all ferdsle forbode i tidsrommet f.o.m. 25. april t.o.m. 31.mai.
- 5.5 I trekksonene for villrein skal all ferdsle take særskild omsyn til villreinen. I trekksonen Steinsbuskardet-sør er all ferdsle forbode heile året. I trekksonene Svarteløkfjellet og Vardsvatn-Kvislevassknuten er all ferdsle forbode frå 15. april til 20. mai.
- 5.6 Innafor nærare avgrensa deler av nasjonalparken kan Direktoratet for naturforvaltning, ved forskrift, fastsette nærare bestemmelser for ferdsle og annan aktivitet, herunder forby all slags ferdsle heile året eller ein del av året, når ein reknar det for naudsynt for å verne naturmiljøet. Regelen gjeld ikkje for ferdsle i samband med verksemd som er nemnd i pkt. 8.
- 5.7 Unntak frå regelen i pkt. 5.4 og 5.5 er:
 - a) Ferdsle som følger merka løype som er godkjent av forvaltningsstyresmakta.
 - b) Ferdsle som er naudsynt i samband med sanking og tilsyn av sau og ved akutt behov for tilsyn og førebygging av skade på kraftanlegg.
- 5.8 Unntak etter søknad:

Forvaltningsstyresmakta kan på nærare vilkår gje løyve til arrangement som er nemd i 5.1.

6. Motorisert ferdsle

- 6.1. Motorferdsle til lands og til vanns, herunder landing med luftfartøy, er forbode. Med landing meinest her også henting og bringing av passasjerar og gods sjølv om landing i eigentleg forstand ikkje skjer.
- 6.2 Unnateke frå reglane i 6.1 er:
 - a) Forhold som er nemnd i punkt 8.
 - b) Landing med motordreve luftfartøy for henting av felt storvilt på Bossvatn.

6.3 Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

- a) Luft- og snøscootertransport som trengst i samband med beitebruk, t.d. frakting av gjerdemateriale, ved og til frakt av felt storvilt.
- b) Luft- og snøscootertransport som trengst ved tilsyn av kraftanlegg.
- c) Luft- og snøscootertransport av materialer til hytter, klopper m.v. og av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer.

6.4 All lufttransport etter punkt 6. skal meldast til oppsynet før transporten tek til.

7. Forureining

Forureining og forsøpling er forbode. Avfall skal takast med ut av området. Det må ikkje brukast kjemiske midlar som kan påverke naturmiljøet.

8. Militær operativ verksemd og andre offentlege tiltak

Vernereglane er ikkje til hinder for motorferdsle og anna ferdsle ved gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulans-, politi-, brannvern-, sikrings-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltningsverksemd.

9. Unntak i særskilte høve

Forvaltningsstyresmakta kan gjera unntak frå vernereglane når føremålet med vernet krev det, for vitskaplege undersøkingar, for arbeid av vesentleg verdi for samfunnet og i særskilte tilfelle når det ikkje strir mot føremålet med vernet.

10. Skjøtsel m. m.

Forvaltningsstyresmakta kan setje i verk tiltak for å fremja føremålet med vernet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningsliner når det gjeld forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon og rådgjeving. Forvaltningsplanen skal gje nærare retningsliner for gjennomføring av forvaltningstiltaka.

11. Forvaltning

Forvaltninga av reglane for området vert lagt til fylkesmannen i Aust-Agder og fylkesmannen i Vest-Agder.

VI

IKRAFTTREDING

Desse reglane trer i kraft straks.

5.2 Landskapsvernområde

**FORSKRIFT OM VERN AV
SETESDAL -VESTHEI LANDSKAPSVERNOMRÅDE
I BYKLE, VALLE OG BYGLAND KOMMUNAR I AUST-AGDER FYLKE,
ÅSERAL, HÆGEBOSTAD, KVINESDAL OG SIRDAL KOMMUNAR I
VEST-AGDER FYLKE
OG FORSAND KOMMUNE I ROGALAND FYLKE.**

I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr 63, §§5, 6, 14, 21, 22 og 23, er det ved kgl.res. av XX.XX 19XX gjort vedtak om oppretting av Setesdal-Vesthei landskapsvernområde.

II

AVGRENSING

Setesdal-Vesthei landskapsvernområde ligg i Bykle, Valle og Bygland kommunar i Aust-Agder fylke, Åseral, Hægebostad, Kvinesdal og Sirdal kommunar i Vest-Agder fylke og Forsand kommune i Rogaland fylke. Det samla arealet er på 2503 km² og berører følgjande gnr./bnr.:

(ikkje justert og kontrollert)

Bykle: 1/1,3,4,6,7,8,10,15,16,17, 6/1,7,8,10,14, 7/1,2, 8/1 9/1,2,3,5,
10/1,2,3,4,10 11/1,2.

Valle: 21/ 1,4,5,6,8,10,15, 26/2,3,4,6,7,9,

47/1,3,7,8,9,10,15,17,18 50/1,5,6,7,8,9,13 51/1,3,4,5,6 55/2,3

60/1,2,3,4,5,6,8,30,35 62/1,2,3,4,5,6,8,14,21 63/1,2,3,5,6,7,8,10,11,20,21

64/1,2,3,5,7 68/1,2,5,6,7,8,12,18,33,35,36,37,61,90 70/1,2,3,4,5,6,9 71/1,2,3,9

Bygland: 2/1,2,3,4,5,7,12,14,16,20,21, 3/1,2,3,4,5, 4/1,2,3,4,6,9,10,
5/1,2,3,5,7,8,9,13,14,15,16, 6/1, 9/2,3,4,9.'

Åseral :1/2,4,7,26, 2/1,3,5,6,7,8,10,14,15,16,18,19,23,24, 5/2,4,6

6/1,4,6,7,11,12,13,14,16,17 7/1,3,4,5,6,7,8,11,13,15,16

Hægebostad: 101/1,2,3,4,7,8,9, 102/1,2,3,4,5,6,8, 105/1,2,3, 106/1,3,4

Kvinesdal: 191/1-7(?), 221/1,2

Sirdal: 1/1,2,4,7,8, 2/1,2,3,4,5,8, 3/2,5,6,11, 4/1,4,

9/1,2,3,5,6,7,9,11,12,14,22 10/1,2,4,6,8,13,28

Forsand:

Grensene for landskapsvernområdet er teikna inn på kart i målestokk 1:50.000. Kartet og vernereglane blir oppbevarte i dei berørte kommunane, hjå fylkesmennene i Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet. Dei nøyaktige grensene for

landskapsvernområdet skal merkast opp i marka etter nærare tilvisning frå forvaltningsstyresmakta. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

III

SONER

Innafor landskapsvernområdet er det særskilde kalvingssoner for villrein. Desse kalvingssonene er Storenos (1), Vatnedalsheii (2), Steinheii-Ratevassnuten (3) og Svarvaren (4) kalvingssoner (sjå verneplankart s. 59). Innafor landskapsvernområdet er det trekkssoner for villrein. Desse trekkssonene er Breidvatn (5), Urarågjuvet (6), Vassdalsnuten-Midtheia (7), Steinsbuskardet (8), Svarteløkfjellet (9), Vardsvatn-Kvislevassknuten (10) og Andersvatnet-Børsteinvatnet (11) trekkssoner.

Grensene for desse sonene er tekna inn på kart i målestokk 1:50.000. Kartet blir oppbevarte i dei berørte kommunane, hjå fylkesmennene i Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet. Direktoratet for naturforvaltning kan ved forskrift endre grensene for desse sonene.

IV

FØREMÅLET

Setesdal - Vesthei landskapsvernområde har til føremål:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

V

VERNEREGLAR

1. Landskapet

- 1.1 Alle inngrep som vesentleg kan endre karakteren til landskapet er forbodne. Dette gjeld til dømes:
 - a) Oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, framføring av luftledningar, jordkablar, bygging av vegar og raste plasser, oppsetting av autovern, drenering og anna form for tørrlegging, framføring av røyr i og over bakken, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, lausbryting og fjerning av stein og mineral, bergverksdrift, vassdragsregulering,

gjødsling, sprøyting med kjemiske midlar og plassering av campingvogner og bubilar. Opplistinga er ikkje uttømmende.

- b) Oppdyrking, såing, endring i samansetnaden av treslag ved skogkultur, planting, snauhogst, hogst av bartre, felling av særmerkte og dekorative tre, furu med brannlyrer, gaddar og daude tre elles som er med på å prega landskapet og som er viktige for dyrelivet.

1.2 Reglane i 1,1 er ikkje til hinder for:

- a) At områda vert nytta til tradisjonell støling, beiting, jakt og fiske når dette ikkje strir mot verneføremålet.
- b) Landbruksdrift som på vernetidspunktet og som ikkje bryt med verneføremålet, herunder stenging av skårfeste, oppsetting av kve o.l. som er naudsynt for fedrifta og vedlikehald av bygningar, vegar og anlegg.
- c) Uttak av lauvskog for ved til eige bruk på hytter og stølar i verneområdet.
- d) At områda vert nytta av ålmenta til naturoppleving (ikkje motorisert) når dette ikkje strir mot verneføremålet.
- e) Vedlikehald av merka, eksisterande stiar og løyper. Forvaltningsstyremakta kan nekte vedlikehald av eksisterande stier og løyper når det av omsyn til føremålet med vernet er ønskjeleg å redusere ferdsla i ein skilde område.
- f) Manøvrering av eksisterande regulerte innsjøar i tråd med konsesjonsvilkåra. Vedlikehald av konsesjonsgjevne kraftanlegg, herunder anleggsvegar, luker og dammar.

1.3 Unntak etter søknad.

Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet, kan forvaltningsstyresmakta på nærare vilkår gje løyve til:

- a) Nydyrking, framføring av jordbruksveg og oppsetting av gjerde.
- b) Snauhogst av lauvskog og hogst av bartre til bruk i verneområdet.
- c) Oppattbygging av bygningar som er gått tapt ved brann eller naturskade og oppattbygging av nedfalne seterhus med eldstad. Eventuelle vilkår for og utforminga av bygningane skal setjast i samråd med fylkeskonservatoren.
- d) Mindre tilbygg til eksisterande bygningar.
- e) Opparbeiding og merking av nye turstiar og løyper.

2. Plantelivet

Nye plantearter må ikkje innførast.

3. Dyrelivet

Dyrelivet i landskapsvernområdet vert regulert av viltlova og lov om lakse- og innlandsfiske.

4. Beitebruk

Om beitetrykket frå beitande tamdyr vert så høgt at det strir mot føremålet med vernet, kan talet på beitedyr ved forskrift regulerast av Direktoratet for naturforvaltning.

5. Ferdslø

Alle skal oppføre seg omsynsfullt for ikkje å skade natur- og kulturverdiar, forstyrre dyrelivet eller beitedyr eller vere til ulempe for andre.

- 5.1 Arrangørar av større organiserte arrangement som idrettsarrangement, jaktprøver, fot- og skiturar, hundekøyring og naturguiding må søke forvaltningsstyresmakta om løyve til arrangementet.
- 5.2 I alle kalvingssoner for villrein er all ferdsle forbode i tidsrommet f.o.m. 25. april t.o.m. 31.mai.
- 5.3 I trekksonene for villrein skal all ferdsle take særskild omsyn til villreinen. I trekksonen Steinsbuskardet er all ferdsle forbode heile året. I trekksonene Svarteløkfjellet, Vardsvatn-Kvislevassknuten og Andersvatnet-Børsteinvatnet er all ferdsle forbode fra 15. april til 20 mai.
- 5.4. Bruk av ridehest og sykkel er berre tillate langs særskilte trasear.
- 5.5 Innafor nærare avgrensa deler av landskapsvernområdet kan Direktoratet for naturforvaltning ved forskrift forby all slags ferdsle heile året eller ein del av året når ein reknar det naudsynt for å verne naturmiljøet eller dyrelivet. Regelen gjeld ikkje for ferdsle i samband med verksemd som er nemd i pkt. 7.
- 5.6 Unntak frå reglane i pkt. 5.2 og 5.3 er:
 - a) Ferdslø som følger veg og merka løype.
 - b) Ferdslø som er naudsynt i samband med sanking og tilsyn av sau og ved akutt behov for tilsyn og førebygging av skade på kraftanlegg.

6. Motorisert ferdsle

6.1. Motorisert ferdsle er forbode, likeeins lågtflyging under 300 m og landing med fly eller helikopter. Med landing meinest her også henting og bringing av passasjerar og gods sjølv om landing i eigentleg forstand ikkje skjer.

6.2 Vegane Brokke -Suleskard og Sirekrok - Lysebotn skal vera stengde i tidsrommet 1. november til 20. mai. Der vegane krysser trekksonene Vardsvatn-Kvislevassknuten og Andersvatnet-Børsteinvatnet skal vegane ikkje brøytast før 12.mai.

6.3 Unnateke frå reglane i 6.1 er:

a) Forhold som er nemnd i punkt 7.

b) Motorferdsle på veg, herunder anleggsvegar i tråd med gjevne konsesjonsvilkår.

c) Landing med motordreve luftfartøy for henting av felt storvilt på eller ved følgjande innsjøar: Krokevatn, Ratevatn, Bånevatn, Storsteinvatnet, Ormsavatn og Karlsvatn i Bykle, Bossvatn i Valle og Kolsheivatn, Monsvatn, Storolavsvatn og Lykkjevatn i Bygland.

6.4 Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

a) Luft og snøscootertransport som trengst i samband med jord- og beitebruk, t.d. frakting av gjerdeutstyr, ved eller hogstvirke og til frakt av felt storvilt og til kalking.

b) Luft og snøscootertransport som trengst ved tilsyn av kraftanlegg.

c) Luft og snøscootertransport av materialar til hytter, klopper m.v. og av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer.

6.5 All lufttransport etter punkt 6 skal meldast til oppsynet før transporten tek til.

7. Militær operativ verksemd og andre offentlege tiltak

Vernereglane er ikkje til hinder for motorferdsle og for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, sikrings-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltningsverksemd.

8. Unntak i særskilte høve

Forvaltningsstyresmakta kan gjera unntak frå vernereglane når føremålet med vernet krev det, for vitskaplege undersøkingar, for arbeid av vesentleg verdi for samfunnet og i særskilte tilfelle når det ikkje strir mot føremålet med vernet.

9. Skjøtsel

Forvaltningsstyresmakta kan setje iverk tiltak for å fremja føremålet med vernet. Det skal utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningsliner når det gjeld forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon og rådgjeving. Forvaltningsplanen skal gje nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtselstiltaka.

10. Forvaltning

Forvaltninga av reglane for området vert lagt til fylkesmannen i Aust-Agder, fylkesmannen Vest-Agder og fylkesmannen i Rogaland.

VI

IKRAFTTREDING

Desse reglane trer i kraft straks.

5.3 Biotopvernområde

FORSKRIFT OM VERN AV VATNEDALSHEII, STEINHEII, BREIDVATN OG STEINSBUSKARDET BIOTOPVERNOMRÅDE I BYKLE KOMMUNE I AUST-AGDER FYLKE

I

I medhald av lov om vilt av 19. juni 1989 nr 63, § 7 2. ledd, er det ved kgl.res. av XX.XX 19XX gjort vedtak om oppretting av Vatnedalsheii, Steinheii, Breidvatn og Steinsbuskardet biotopvernområde.

II

AVGRENSING

Vatnedalsheii, Steinheii, Breidvatn og Steinsbuskardet biotopvernområde ligg i Bykle kommune i Aust-Agder fylke. Det samla arealet er på 311 km² og berører følgjande gnr./bnr.:

(Ikkje justert og kontrollert)

Bykle:

Grensene for biotopvernområdet er teikna inn på kart i målestokk 1:50.000. Kartet og vernereglane blir oppbevarte i kommunen, hjå fylkesmannen i Aust-Agder, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet. Dei nøyaktige grensene for biotopvernområdet skal merkast opp i marka etter nærare tilvisning frå forvaltningsstyresmakta. Knekkpunkta skal koordinatfestas.

III

FØREMÅLET

Vatnedalsheii, Steinheii, Breidvatn og Steinsbuskardet biotopvernområde har til føremål å sikre sentrale heilårs leveområde, herunder kalveområde og trekkveggar for villrein i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane.

IV

VERNEREGLAR

1. Naturmiljøet

- 1.1 Det må ikkje iverksetjast tiltak som kan endre dei naturgjevne produksjonstilhøva, gjera villreinen sitt livsmiljø ringare eller hindre villreinen sin bruk av området. Dette gjeld til dømes:

Oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, framføring av luftledningar, bygging av vegar og rasteplasser, oppsetting av autovern, drenering og anna form for tørrlegging, framføring av røyr over bakken, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, bergverksdrift, vassdragsregulering, sprøyting med kjemiske midlar og plassering av campingvogner og bubilar. Opplistinga er ikkje uttømmende.

- 1.2 Reglane i 1.1 er ikkje til hinder for:

- a) At områda vert nytta til tradisjonell støling, beiting, jakt og fiske når dette ikkje strir mot verneføremålet.
- b) Landbruksdrift som på vernetidspunktet og som ikkje bryt med verneføremålet, herunder stenging av skårfeste, oppsetting av kve o.l. som er naudsynt for fedrifta og vedlikehald av bygningar, vegar og anlegg.
- c) Hogst i tråd med reglane for hogst i vernskog.
- d) At områda vert nytta av ålmenta til naturoppleving (ikkje motorisert) når dette ikkje strir mot verneføremålet.
- e) Vedlikehald av merka, eksisterande stiar og løyper.
Forvaltningsstyremakta kan nekte vedlikehald av eksisterande stier og løyper når det av omsyn til føremålet med vernet er ønskjeleg å redusere ferdsla i einskilde område.
- f) Manøvrering av eksisterande regulerte innsjøar i tråd med konsesjonsvilkåra. Vedlikehald av konsesjonsgjevne kraftanlegg, herunder anleggsvegar, luker og dammar.

- 1.3 Unntak etter søknad.

Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet, kan forvaltningsstyresmakta på nærare vilkår gje løyve til:

- a) Oppattbygging av bygningar som er gått tapt ved brann eller naturskade og oppattbygging av nedfalne seterhus med eldstad.

- b) Mindre tilbygg til eksisterande bygningar.
- c) Opparbeiding og merking av nye turstiar og løyper.

2. Beitebruk

Om beitetrykket frå beitande tamdyr vert så høgt at det strir mot føremålet med vernet kan talet på beitedyr ved forskrift regulerast av Direktoratet for naturforvaltning.

3. Ferdsla

Alle skal oppføre seg omsynsfullt og take særskild omsyn til villreinen.

- 3.1 Større organiserte arrangement som idrettsarrangement, jaktprøver, fot- og skiturar, hundekøyring og naturguiding m.v. er forbode.
- 3.2 All ferdsla er forbode i tidsrommet f.o.m. 25. april t.o.m. 31.mai.
- 3.3. I Steinsbuskardet er all ferdsla forbode heile året.
- 3.4 Unntak frå regelen i pkt. 3.2 og 3.3 er:
 - a) Forhold som er nemd i pkt. 5.
 - b) Ferdsla som følger veg og merka løype.
 - c) Ferdsla som er naudsynt i samband med sanking og tilsyn av sau og ved akutt behov for tilsyn og førebygging av skade på kraftanlegg.
- 3.5 Unntak etter søknad:
Forvaltningsstyresmakta kan på nærare vilkår gje løyve til arrangement som er nemnd i 3.1.

4. Motorisert ferdsla

- 4.1. Motorisert ferdsla er forbode, likeeins lågtflyging under 300 m og landing med fly eller helikopter. Med landing meinest her også henting og bringing av passasjerar og gods sjølv om landing i eigentleg forstand ikkje skjer.
- 4.2 Unnateke frå reglane i 4.1 er:
 - a) Motorferdsla på veg, herunder anleggsvegar i tråd med gjevne konsesjonsvilkår.
 - b) Landing med motordreve luftfartøy for henting av felt storvilt på eller ved innsjøane Bånevatn og Kalsvatn.

4.3 Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

- a) Luft og snøscootertransport som trengst i samband med jord- og beitebruk, t.d. frakting av gjerdeutstyr, ved eller hogstvirke og til frakt av felt storvilt og til kalking.
- b) Luft og snøscootertransport som trengst ved tilsyn av kraftanlegg.
- c) Luft og snøscootertransport av materialer til hytter, klopper m.v. og av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer.

4.4 All lufttransport etter punkt 4 skal meldast til oppsynet før transporten tek til.

5. Militær operativ verksemd og andre offentlege tiltak

Vernereglane er ikkje til hinder for motorferdsle og for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak, i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, sikrings-, oppsyns- og forvaltningsverksemd.

6. Unntak i særskilte høve

Forvaltningsstyresmakta kan gjera unnatak frå vernereglane når føremålet med vernet krev det, for vitskaplege undersøkingar, for arbeid av vesentleg verdi for samfunnet og i særskilte tilfelle når det ikkje strir mot føremålet med vernet.

7. Informasjon

Det kan setjast opp informasjonstavler ved Enden, Ormsavatn, Hoslemoskardet, Store Urevatn, Hisdal, Skurnuten, Breidvatn og Steinsbuskardet.

9. Forvaltning

Forvaltninga av reglane for området vert lagt til fylkesmannen i Aust-Agder.

V

IKRAFTTREDING

Desse reglane trer i kraft straks.

6. TOLKING OG PRAKTISERING AV VERNEFORSKRIFTENE

Ved utarbeiding av forvaltningsplan vil praktisering av verneforskriftene verte fastlagt. Nedafor er dei ulike punktene i verneforskriftene utdjupa og kort drøfta slik fylkesmennene no ser føre seg ein praktisering av dei. Kapitlet er meint i nokon mon å klarleggja kva konsekvensar dei føreslegne verneforskriftene vil få for dei berørte partar. **Nummeringa av kommentarane til den einskilde forskrift viser direkte til det punktet i forskrifta som vert drøfta.**

6.1 Nasjonalpark

III

SONER

Innafor verneplanområdet er det einskilde stader der ein treng særskilde reglar mellom anna for ferdsle. Desse sonene er kalveområde og einskilde trekkvegar for villreien. Villreien sin bruk av heiområdet kan veksle over tid. For at ein skal kunne fange opp denne vekslinga, må grensa for desse sonene kunne endrast. For at dette ikkje skal vere for vanskeleg å få til, foreslår ein at Direktoratet for naturforvaltning kan endre grensene for desse sonene ved forskrift.

IV

FØREMÅLET

Føremålet med nasjonalparken uttrykker kvifor ein vel å verne området. Ved praktiseringa av verneforskriftene og i forvaltningsspørsmål vil ein leggja avgjerande vekt på føremålsparagrafen. Dette gjeld til dømes når forvaltningsstyresmakta skal gjere skjønsmessige vurderingar og dispensera frå vernereglane.

Føremålet for Rjuven nasjonalpark uttrykker at det i første rekke er dei urørte områda og villreien der ein har som føremål å verne om. I tillegg er det også eit føremål at ålmenta skal få høve til naturoppleving, men dette må ikkje gå ut over dei urørte områda eller villreien sin bruk av området.

V

VERNEREGLAR

I. Landskapet

Hovedpoenget her er at eitkvart teknisk inngrep i området er forbode, men tekniske inngrep som er gjort på vernetidspunktet kan oppretthaldast og

vedlikehaldast i den forfatning det er. Dette gjeld ikkje for vedlikehald av stiar og løyper med bruer, klopper, vardar, merking m.v. Dette kan forvaltningsstyresmakta nekte av omsyn til verneføremålet. Om tekniske inngrep vert øydelagt eller sterkt skada, kan forvaltningstyresmakta nekte oppattbygging eller setja vilkår for oppattbygging.

Det er vidare lista opp nokre tekniske inngrep forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til *når særlege grunnar ligg føre*.

Med særlege grunnar i pkt. 1.4. meiner ein at oppsynet treng dette av sikkerhets- eller effektivitetsomsyn eller at inngrepet er naudsynt for at ålmenta skal kunne nytte området. For det siste punktet kjem også sikkerhetsargumentet. Desse særlege grunnane må vegast opp mot verneføremålet.

Slik ein kjenner området i dag, ser ein ikkje føre seg at det skulle vere naudsynt med nye bygningar. Stinettet kan endrast og rustast opp for å auke opplevinga og sikkerheten for ålmenta under føresetnad at stiane ikkje vert lagde i sårbare område.

Stenging av skårfeste er nemnd særskild, og ein meiner at dette skal det vere etter måten lett å få løyve til.

2. Plantelivet

Med få unntak er all vegetasjonen freda mot øydelegging. Det er ikkje tillate å hogge tre eller fjerne vegetasjon frå bakken. Det er også forbod mot gjødsling då det kan endra plantelivet. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til hogst av lauvtre til brensel for hytter og stølar i nasjonalparken. Forvaltningsstyresmakta kan overlata denne avgjerda til grunneigar eller andre om ein på førehand er samde om korleis uttaket skal praktiserast. Dette må klarleggjast i forvaltningsplanen.

3. Dyrelivet

For dyrelivet og jakt og fiske ser ein føre seg at dei same reglane og praktiseringa som gjeld i dag skal halde fram. Det er vidare ein regel om at Direktoratet for naturforvaltning kan avgjere at dyrelivet i heile eller i einskilde soner av parken skal vere totalfreda. Direktoratet kan på same måte unnta einskilde arter frå vanleg jakt. Dette er berre aktuelt av omsyn til føremålet med fredninga eller ut frå ein nærare vurdering av trongen for referanseområde om vanleg jakt ikkje skal føregå. Ein ser ikkje dette som aktuelt no, men det er naturleg at nasjonalparkar er dei områda som i fyrste rekkje er aktuelle om ein treng slike område.

Området nasjonalparken ligg i er råka av sur nedbør. Einskilde område er kalka for å betre forholda for fisken. I samband med dispensasjonspraksis vil ein vurderer å la dette halde fram. Ein ønskjer å vere restriktiv med andre tiltak for fremje av fiske. Ein ønskjer ei naturleg utvikling i området, m.a. ut frå oppsynet til trongen for kalkingsfrie referanseområde. Kalking skal skje på ein måte som ikkje skjemmer naturen. Kalkingsverksemda i nasjonalparken, herunder oppretting av kalkingsfrie referanseområde, skal avklarast i forvaltningsplanen.

4. Beitebruk

Sauebeitet reduserer det botaniske mangfaldet i deler av området. Det er og reist spørsmål om beitetrykket er så høgt at det m.a. påverkar beiteforholda for rein og småvilt. Det må leggjast fram naturvitenskaplege prov på at dette er tilfelle før ein vil vurdere å redusere talet på beitedyr. Om ein ikkje får dette til ved friviljuge avtaler, kan Direktoratet for naturforvaltning regulere talet ved forskrift.

5. Ferdsla og anna aktivitet

Dersom presset på heiområdet aukar mellom anna frå organisert turisme, bygdeturisme, friluftsliv o.l. ser ein det som naudsynt med einskilte reglar for å regulere ferdsla i nasjonalparken.

Om ferdsle og annan aktivitet står det i verneforskrifta at alle skal oppføre seg omsynsfullt for ikkje å skade natur- og kulturverdiar, forstyrre dyrelivet eller beitedyr eller vere til ulempe for andre. I dette ligg det at innafør nasjonalparken skal ein vere særskild varsam i forhold til dei nemnde verdiar.

For å unngå ei ukontrollert bruk av nasjonalparken foreslår ein i pkt. 5.1. at større organiserte arrangement som idrettsarrangement, jaktprøver, organiserte fot- og skiturar og naturguiding m.v. er forbode. Det skal likevel vere mogleg å søkje om unntak frå dette forbodet. Bruk i undervisningssamanheng og tiltak som fremjer ålmenta sin kunnskap om området vil vere aktuelle.

Ridehestar og sykklar slit mykje på terrenget (pkt. 5.2). Ein ønskjer difor å regulere bruken av desse og foreslår at bruk av ridehest berre er tillate langs særskilde trasear. Kvar desse traseane eventuelt skal gå, må vurderast ut frå kvar mykje terrenget tåler av slitasje, ein må ta omsyn til uroing av villrein og kvar dei ridande ønskjer å koma. I forvaltningsplanen kan ein koma attende til konkretisering av ridetraseane.

For å ta vare på stilla i nasjonalparken, foreslår ein at bruk av motorredskap berre er tillate i samband med lovleg næringsverksemd og forvaltnings- og skjøtseloppgåver (pkt.5.3). Inn under lovleg næringsverksemd vert rekna hogst av ved til hytte.

For å gi reinen ro på kalvingsplassane (pkt.5.4), er all ferdsle forbode i kalvingssonene i tidsrommet f.o.m. 25. april t.o.m. 31.mai. I trekksonene (pkt.5.5) for villrein skal all ferdsle ta særskild omsyn til villreinen. I Steinsbuskardet-sør er all ferdsle forbode heile året. Dette er for å sikre villreinen å trekke på den smalaste mellom nord og sør i villreinområdet. I trekksonene Svarteløkfjellet, Vardsvatn-Kvislevassknuten er all ferdsle forbode frå 15. april til 20. mai. Dette er trekk som fortset over vegar. Ferdslforbodet skal sikre at reinen får kryssa vegane på trekk frå vinterbeite til kalveplassane. Unntak frå det generelle ferdsleforbodet er ferdsle som følger merka løype som er godkjent av forvaltningsstyresmakta. Slik situasjonen er no, vil det seie STF og KOT sitt løypenett. I tillegg er det eit generelt unntak for ferdsle som er naudsynt i samband med sanking og tilsyn av sau og ved akutt behov for tilsyn

og førebygging av skade på kraftanlegg. Til naudsynt ferdsle i samband med sauebeite reknar ein normalt tilsyn og sanking. Med akutt behov meiner ein behov for ferdsle som oppstår p.g.a. skader eller fare for skader. Det vil seie at ferdsle i samband med normalt tilsyn eller forebygging skal leggest utanom desse sonene og tidsperiodene.

Villreinen sin bruk av heiområdet vekslar over tid. Innafor nasjonalparken er det fleire hekkeplassar for store rovfuglar. Om utviklinga av ferdsla vert for stor, bør ein difor ha høve til å regulere denne (pkt.5.6). Ein foreslår difor at innafor nærare avgrensa deler av nasjonalparken kan Direktoratet for naturforvaltning, ved forskrift, forby all slags ferdsle heile året eller ein del av året, når ein reknar det naudsynt for å verne naturmiljøet eller dyrelivet, dersom verneføremålet gjer det turvande.

6. Motorisert ferdsle

Det er eit mål å minimalisere motorferdsla i nasjonalparken. Ein foreslår difor at motorferdsle til lands og til vanns, herunder landing med luftfartøy, er forbode. Med landing meines her også henting og bringing av passasjerar og gods sjølv om landing i eigentleg forstand ikkje skjer.

Einaste generelle unntak er landing med motordreve luftfartøy for henting av felt storvilt på Bossvatn. For at punkt 6.2 b om landing på Bossvatn skal gjelde forutset det at kommunen vedtek forskrift etter motorferdsellova § 5, pkt.a. i tråd med dette.

Utover dette kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til luft- og snøscootertransport som trengst i samband med beitebruk, t.d. frakting av gjerdemateriale til frakt av felt storvilt og ved kalking. Vidare til transport som trengst ved tilsyn av kraftanlegg og transport av materialer til hytter, klopper m.v. og av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer.

Før eventuell løyve vert gjeve, skal transportbehovet vurderast mot moglege skader og ulemper og i forhold til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Alternative transportmetodar og kombinerings av fleire transportbehov skal også vurderast.

Snøscootertransport skal følge faste trasèar. Fastsetjing av snøscooterløypene skal skje i samband med utarbeiding av forvaltningsplanen. Dei kommunale forskriftene etter motorferdsellova må endrast i tråd med dei føringane som er gjevne i pkt. 6.

For at oppsynet skal ha høve til å kontrollere luftferdsla i området skal all luftransport meldast til oppsynet før transporten startar.

7. Forureining

Forureining og forsøpling er forbode. Avfall skal takast med ut av området og ikkje gravast ned i området. Det må ikkje brukast kjemiske midlar som kan påverke naturmiljøet.

8. Militær operativ verksemd og andre offentlege tiltak

Vernereglane er ikkje til hinder for motorferdsle og for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, sikrings-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltningsverksemd. Dette er ein regel som er felles for alle verneområda i Noreg. I forsvaret sin eigen definisjon av «militær operativ verksemd» ligg ikkje normal øvingsverksemd. Oppdrag i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, sikrings-, oppsyn, skjøtsel, og forvaltning må og kunne gjennomførast uavhengig av vernereglane.

9. Unnatak i særskilte høve

Forvaltningsstyresmakta kan gjera unnatak frå vernereglane når føremålet med vernet krev det, for vitenskaplege undersøkingar, for arbeid av vesentleg verdi for samfunnet og i særmerkte tilfelle når det ikkje strir mot føremålet med vernet.

Nasjonalparken kan nyttast som referanseområde i forskningsamanheng.

10. Skjøtsel

Forvaltningsstyresmakta kan setje i verk tiltak for å fremja føremålet med vernet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningsliner når det gjeld forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon og rådgjeving. Forvaltningsplanen skal gje nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtselstiltaka.

I kapittel 7 er det omtala korleis ein tenkjer seg ein forvaltningsplan utarbeidd. Det er føresetnaden at forvaltningsplan vert utarbeidd i samråd med berørte partar. Forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon og rådgjeving er viktige element i ein forvaltningsplan som krev ei grundig utgreiing.

11. Forvaltning

I kapittel 7 er ein forvaltningsmodell for heiområdet drøfta. Forvaltninga av reglane for området vert lagt til fylkesmennene i Aust-Agder og Vest-Agder. Dette vil seie at den einskilde fylkesmann har ansvar for areala i sitt fylke.

6.2 Landskapsvernområde

Den framlagte forskrifta for landskapsvernområdet gjeld Setesdal -Vesthei landskapsvernområde. Om ein veljer nasjonalpark i *Rjuven*, eller andre kombinasjoner med biotopvern, vert Setesdal -Vesthei oppdelt i fleire mindre landskapsvernområde. Dette er *Dyreheii*-, *Auråhorten*-, *Lyseheiane*-, *Valle-Byglandsheiane* og *Knaberøysi* landskapsvernområde. Forskrifta for desse områda vil verte den samme som for Setesdal-Vesthei landskapsvernområde, men eigedomstilhøve, grenser og soner vil naturlegvis verte knytta opp til det einskilde landskapsvernområde.

III

SONER

Med eit stort verneområde med likelydane verneføresegner er det formålstenleg med ei viss soneinndeling. Ein vil ikkje trenge strenge ferdslerestriksjonar over heile det store verneområdet. For å avgrense og dimensjonere ferdslerestriksjonane der dei verkeleg trengs, har ein valgt å laga eigne soner innan verneområdet og knytta eigne punkt i verneføresegnene til dei. Villreinen sin bruk av heiområdet kan veksle over tid. For at ein skal kunne fange opp denne vekslinga, må grensa for desse sonene kunne endrast. For at dette ikkje skal vere for vanskeleg å få til, føreslår ein at Direktoratet for naturforvaltning kan endre grensene for desse sonene ved forskrift.

Innafor Setesdal-Vesthei landskapsvernområde er det serskilte kalvingssoner for villrein. Desse er kalvingssonene *Storenos*, *Vatnedalsheii*, *Ratevassnuten-Steinheii* og *Svarvaren*. Innafor landskapsvernområdet er det trekksoner for villrein. Desse er trekksonene *Breidvatn*, *Urarågvjet*, *Vassdalsnuten-Midtheia*, *Steinsbuskardet*, *Svarteløkfjellet*, *Vardsvatn-Kvislevassknuten* og *Andersvatnet-Børsteinvatnet* trekksoner.

For sonene *Vatnedalsheii*, *Steinheii*, *Breidvatn* og *Steinsbuskardet* er eit alternativt forslag å leggje ut områda som biotopvernområde.

Heile sonene *Svarvaren* og *Svarteløkfjellet* og deler av sonene *Vardsvatn-Kvislevassknuten* og *Steinsbuskardet* vil verte liggjande i nasjonalparken om *Rjuven* vert verna som nasjonalpark.

IV

FØREMÅLET

Føremålet med landskapsvernområdet uttrykker kvifor ein vel å verne området. Ved praktiseringa av verneforskriftene og i forvaltningsspørsmål vil ein leggja avgjerande vekt på føremålsparagrafane. Dette gjeld til dømes når forvaltningsstyresmakta skal gjere skjønsmessige vurderingar og dispensera frå vernereglane.

Føremålet for Setesdal-Vesthei landskapsvernområde uttrykker at det er eit mål å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte

fjell, hei og fjellskogsområde med plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne. Ein vil også ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Det føreslegne landskapsvernområdet har like stor, om ikkje større verdi for friluftslivet enn *Rjuven* åleine. Ålmenta sitt friluftsliv er likevel ikkje teke med som eit eige punkt i føremålsparagrafen. Etter gjeldande regelverk kan ikkje friluftsliv åleine vera motiv for oppretting av landskapsvernområde. Som det framgår av vernereglane elles er omsynet til friluftslivet teke vare på i desse.

Det er heller ikkje teke med noko i føremålet om næringsutnytting. I planprosessen er det brei semje om at heiområdet skal være ein del av ressursgrunnlaget for bygdene. Dette er likevel ikkje teke med som eit direkte føremål for verneområdet. Som det framgår av vernereglane elles er omsynet til at den tradisjonelle utmarksbruken av heiområdet skal vidareførast, teke vare på i vernereglane som for friluftslivet.

V

VERNEREGLAR

1. Landskapet

Alle inngrep som vesentleg kan endre karakteren til landskapet er forbodne, pkt.1.1. Om eit inngrep er vesentleg vil være eit skjønns spørsmål. Ei minimumstolking er alle inngrep som set varige og synlege spor. Omsynet til villreinens bruk av området vil gjere at også midlertidige inngrep kan reknast for vesentlege.

Oppdyrking, endring i samansetnaden av treslag ved skogkultur, planting, snauhogst, hogst av bartre, felling av særmerkte og dekorative tre, gaddar, furu med brannlyrer og daude tre elles som er med på å prega landskapet, og som er viktige for dyrelivet, er døme på inngrep som er forbodne.

Forbodet mot hogst av bartre er nærare grunngjeve under punkt 1.3 b. Med tre som pregar landskapet meiner ein til dømes dekorative tre, tre som står på særmerkte plassar og særskilt gamle og store tre. Tre som er viktig for dyrelivet kan til dømes være hole tre for holerugarar og beitetre for fugl og hjortevilt.

Som nevnt under «Føremål» har ein ikkje teke med næringsutnytting i føremålet. Ein har difor teke med punkt 1.2 for å leggje vekt på at området framleis skal nyttast som del av det tradisjonelle ressursgrunnlaget for bygdene. Slik heia framstår i dag er også eit resultat av lang tids bruk. For å oppretthalde heiområdet sitt særpreg må denne bruken halde fram.

Ordet *tradisjonell* er teke med for å framheve at ein ynskjer at tradisjonell bærekraftig utnytting av området skal halde fram. Ein veit at heiområdet i tidlegare tider har vore så sterkt utnytta at det gjekk ut over naturgrunnlaget. Dei mange gjetelægrene og stølane rundt heiområdet vitnar om ei intensiv utnytting. Høgdepunkt i denne utnytting fell saman i tid med at reinen mest var borte i heiområdet. Ein må difor vakte seg for at ein på ny kjem i ein slik situasjon.

Det er mange som har beite-, jakt-, og fiskerettar i heiområdet. Desse rettane vert det ikkje rokka ved. Med desse rettane fylgjer ikkje utan vidare retten til å nytta ny teknologi og driftsmåtar som medfører meir inngrep og uroing. Ordet *tradisjonell* kan difor stå i motsetning til «tidsmessig». I alle høve om ein med tidsmessig meiner den til ei kvar tid tilgjengelege teknologi og driftsmåte.

Med vedlikehald av bygningar, vegar og anlegg, i punkt 1.2.b meiner ein normalt vedlikehald som opprettheld standarden på vernetidspunktet, men ikkje ombygging, opprusting, utviding og standardheving. I forvaltningsplanen må ein drøfte materialbruk og byggeskikk. I forvaltningsplanen vil ein ta inn dei retningslinene som vart utarbeidd for dette i fleirbruksplan for heiområdet.

Det er i område der det tradisjonelt er teke ut ved som i første rekkje er aktuelle, pkt. 1.2.c. Dette vil som oftast være nær seterhus. Her vil det være viktig å oppretthalde uttak av lauvskog slik at landskapet framleis er ope på setervollane.

Ein har teke med punktet 1.2.d for å synleggjere at den tradisjonelle friluftslivet skal halde fram. Det er lagt vekt på at ålmenta si naturoppleving gjennom friluftsliv ikkje må stri mot verneføremålet. Det er i fyrste rekkje uroing av villreinen ein tenkjer på.

Einskilde stiar i heiområdet ligg uheldig til av omsynet til villreinenens arealbruk jfr. pkt. 1.2.e. Forvaltningsplanen for verneområdet må ta føre seg løypenettet, sjå på konfliktområde og kome med føreslag til endringar. Fleirbruksplanen sine føreslag til endringar er tenkt innarbeidd i forvaltningsplanen.

Innafor dei føreslegne grensene ligg det fleire mindre reguleringsmagasin med relativt låg reguleringshøgde. Kraftselskapa skal framleis regulere desse etter gjeldande konsesjonsvilkår og halde vedlike dei tekniske innætningane, pkt 1.2.f.

Unntak etter søknad for jordbrukstiltak er omtalt i pkt. 1.3.a. Nydyrking vil berre verte tillate i ytterkantane av verneområdet, og som ei naturleg fortsetjing av større dyrkingsareal som ligg utafor. Jordbruksveg vil berre vere aktuelt i samband med desse dyrkingsområda, og ikkje til seterhus o.l. Dyrking som er igang på vernetidspunktet kan halde fram.

Unntak etter søknad for skogbruket er omtalt i pkt. 1.3.b. I område med naturskog, stadvis urskogspreg, som t.d. Ljosådalen i Bykle og Vestvassdalen i Hægebostad vil ein leggje vekt på at naturskogpreg skal halde fram, og at bestand med urskogsstruktur ikkje skal endrast. Det vil ikkje vera tillate med snauflater over 2 daa. Bygging av skogsvegar vil ikkje verte tillate. Mindre inngrep som kan skje utan vesentlege terrenginngrep for å komme til med maskinar kan likevel verte tillate om ein ynskjer skogsdrift i eit område.

Unntaksbestemmelsane etter søknad for oppattbygging av bygningar er gjevne i pkt. 1.3.c. Ved oppattbygging av stølsbuer o.l som skal nyttast som oppholdstad for folk, vil ein ikkje tillate omdisponering av bygningar brukt som opphaldsrom for husdyr og lagerplass for fôr, eksempelvis fjøs og høyløer. Oppattbygging er berre aktuelt for bygningar med eldstad som har vore brukt som opphaldstad for

folk. Plasseringa av stølsbua e.l. vil verte vurdert særskild i forhold til villreinens områdebruk, og flytting kan verte sett som vilkår for oppattbygging. I forvaltningsplanen må ein drøfte materialbruk og byggeskikk. Ein vil at forvaltningsplanen tek inn dei retningslinene som vart utarbeidd for dette i fleirbruksplanen for heiområdet.

Når det gjeld mindre tilbygg til eksisterande bygningar (pkt. 1.3.d) meiner ein mindre bygningsmessige utvidingar som ikkje medfører bruksendring. Det vil ved søknadshandsaminga og leggjast vekt på utforming, materialar og lokal byggeskikk.

Ein gjer merksam på at byggjesaker jfr. verneføresegnene 1.2, b og 1.3, c og d også krev handsaming av kommunale bygningsstyresmakter på vanleg måte. Desse kan setje særlege krav ut over det som vert gjeve i løyve frå forvaltningstyresmakta for verneområdet.

Rutenettet i verneplanområdet er etter måten godt utbygd. Nyetableringar vil verte nøye vurdert (jfr. pkt. 1.3.e), særleg i forhold til villreinen sin områdebruk. Ekspansjon bør knyttast til ytterkantane, men også her kan det komme i konflikt mellom anna med villreinen sine vinterbeite. Einskilde hytter og ruter ligg uheldig plassert i dag. Endring og flytting av eksisterande hytter og løypenett kan være aktuelle vilkår for fornying av løypenettet og etablering i nye område. Omfattande nyetableringar vil skipla området sin villmarkskaraktar.

3. Dyrelivet

Dyrelivet i landskapsvernområdet vert regulert av viltlova og lov om laksefiske og innlandsfiske, med tilhøyrande forskrifter. Jakt og fiske kan difor drivast i samsvar med dei lover og reglar som til ei kvar tid gjeld.

Deler av verneområdet er sterkt råka av sur nedbør. Einskilde område er kalka for å betre tilhøva for fisken. Ved handsaminga av kalkingssøknader vil ein i utgangspunktet leggje til grunn at kalkingsverksemda held fram. Det kan imidlertid vera aktuelt å vurdere kalkingsfrie referanseområde dersom det er naudsynt. Dette må avklarast i forvaltningsplanen. Kalking skal skje på ein måte som ikkje skjemma landskapet. Kalkbrønningar og anna som vesentleg endrar karakteren på landskapet kjem inn under vernereglane punkt 1.

4. Beitebruk

Sauebeitet påverkar landskapet. Det er reist spørsmål om beitetrykket er så høgt at det påverkar beiteforholda for rein og småvilt. Det må leggjast fram naturvitenskaplege prov på at dette er tilfelle før det er aktuelt å redusere talet på beitedyr. Om ein ikkje får dette til ved friviljuge avtaler føreslår ein at Direktoratet for naturforvaltning regulerer talet ved forskrift.

5. Ferdsla

Ein ser føre seg at presset på heiområdet aukar mellom anna frå organisert turisme, bygdeturisme, friluftsliv o.l. For at naturen ikkje skal verte

skadelidande og for at ikkje naturkvalitetane skal forringast, ser ein det som naudsynt med einskilde reglar for å regulere ferdsle i landskapsvernområdet.

Alle skal oppføre seg omsynsfullt for ikkje å skade natur- og kulturverdiar, forstyrre dyrelivet eller beitedyr eller vere til ulempe for andre. I dette ligg det at innafor landskapsvernområdet skal ein vere særskild varsam i forhold til dei nemnde verdiar.

I heiområdet går det føre seg ei rekke arrangement av ulike slag, jfr. pkt. 5.1. Dette tjener fleire gode hensikter og vil i all hovudsak kunne halde fram. Men for å unngå ei ukontrollert bruk av landskapsvernområdet, og for å kunne styre desse arrangementa utanom sårbare områder og tidsrom, foreslår ein at arrangørar av større organiserte arrangement skal søkje om løyve. Grensa for større arrangement vil ein setje ved 10 personar. Det kan verte aktuelt og gje løyve for ei rad arrangement på søknad frå ein arrangør, og ikkje berre arrangement enkeltvis.

For å gi reinen ro på kalvingsplassane, er all ferdsle forbode i kalvingssonene i tidsrommet f.o.m. 25. april t.o.m. 31.mai (pkt. 5.2). I trekksonene for villrein skal all ferdsle ta særskild omsyn til villreinen (pkt. 5.3). I Steinsbuskardet som er den einaste passasjen for villreinen mellom nord og sør i villreinområdet er all ferdsle forbode heile året utanom merka løype. I trekksonene Svarteløkfjellet, Vardsvatn-Kvislevassknuten og Andersvatnet-Børsteinvatnet er all ferdsle forbode frå 15. april til 20. mai utanom merka løype. Dette er trekk som kryssar vegar. Ferdslforbodet skal sikre at reinen får kryssa vegane på trekk frå vinterbeite til kalvingsplassane.

Ridehestar og sykklar slit mykje på terrenget, ein ønskjer difor å regulere bruken av desse (pkt.5.4) og foreslår at bruk av ridehest og sykkel berre er tillate langs særskilde trasear. Kvar desse traseane eventuelt skal gå, må vurderast ut frå kvar mykje terrenget tåler av slitasje, ein må ta omsyn til uroing av villrein og kvar dei ridande ønskjer å koma. I forvaltningsplanen kan ein koma attende til konkretisering av ride- og sykkeltraseane.

Villreinen sin bruk av heiområdet vekslar over tid. Innafor landskapsvernområdet er det fleire hekkeplassar for store rovfuglar. Om ferdsle vert for stor, bør ein difor ha høve til å regulere denne. Ein foreslår difor i pkt. 5.5. at innafor landskapsvernområdet, eller deler av det, kan Direktoratet for naturforvaltning, ved forskrift, fastsette nærare vedtekter om ferdsle og annan aktivitet, herunder forby all slags ferdsle heile året eller ein del av året, dersom verneføremålet gjer det turvande.

Unntak frå det generelle ferdsleforbodet er ferdsle som følger merka løype som er godkjent av forvaltningsstyresmakta (pkt.5.6.a). Slik situasjonen er no, vil det seie STF og KOT sitt løypenett og einskilde andre løyper som vert oppkøyrd mellom anna ut frå Hovden. I tillegg er det eit generelt unntak for ferdsle som er naudsynt i samband med sanking og tilsyn av sau og ved akutt behov for tilsyn og vedlikehald av kraftanlegg. Naudsynt ferdsle (pkt. 5.6.b) i samband med sauebeite reknast normalt tilsyn og sanking. Med akutt behov meiner ein behov

for ferdsle som oppstår p.g.a. skader eller fare for skader. Det vil seie at ferdsle i samband med normalt tilsyn av kraftanlegg skal leggjast utanom desse sonene og tidsperiodane.

6. Motorisert ferdsle

Einskilde kommunar har ei noko liberal praktisering av motorferdsellova. Det er eit mål at det berre skal foregå høgst naudsynt motorferdsle i landskapsvernområdet. Ein foreslår difor at motorferdsle til lands og til vanns, herunder landing med luftfartøy, er forbode i punkt 6.1. Med landing meinest her også henting og bringing av passasjerar og gods sjølv om landing i eigentleg forstand (direkte bakkekontakt) ikkje skjer.

Eit generelt unntak (pkt. 6.3.c) er landing med motordreve luftfartøy for henting av felt storvilt på/ved dei nemde innsjøane. For at dette skal gjelde direkte, er det naudsynt at kommunen sjølve vedtek forskrift etter motorferdsellova § 5, pkt.a.

Utover dette kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til luft- og snøscootertransport som trengst i samband med beitebruk, t.d. frakting av gjerdemateriale, til frakt av felt storvilt og til kalking, pkt. 6.4.a. Vidare til transport som trengst ved tilsyn av kraftanlegg (pkt. 6.4.b) og transport av materialer til hytter, klopper m.v. og av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer, 6.4.c.

Før eventuell løyve vert gjeve, skal transportbehovet vurderast mot moglege skader og ulemper og i forhold til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Alternative transportmetodar og kombinerings av fleire transportbehov skal også vurderast.

En ser føre seg ei praktisering for utdeling av løyve i verneområdet som liknar på ei streng praktisering av motorferdsellova elles.

For at det skal vera mogleg for oppsynet å kontrollere luftferdsla i området skal all lufttransport meldast til oppsynet før transporten starter.

I forvaltningsplanen må kommunane sine noverande snøscooterløyper gjennomgåast. I lokaliseringa av desse må omsynen til villreinens vinterbeite leggjast avgjerande vekt på. Motorisert ferdsle på anleggsvegane, herunder stenging og opning av desse, må gjennomgåast i forvaltningsplanen. Framlegga i fleirbruksplanen må leggjast til grunn. Vegane skal leggjast inn på kart i samband med forvaltningsplanen.

7. Militær operativ verksemd og andre offentlege tiltak

Reglane i dette punktet er felles for alle verneområda i Noreg. I forsvaret sin eigen definisjon av «militær operativ verksemd» ligg ikkje normal øvingssverksemd. Oppdrag i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, sikrings-, oppsyn, skjøtsel og forvaltning må og kunne gjennomførast uavhengig

av vernereglane. I oppsyn og skjøtselssamanheng må den generelle aktsemda til uroing av dyrelivet ivaretakast.

8. Unntak i særskilte høve

Det kan vera trong for å nytte landskapsvernområdet til forskning. I den samanheng kan det være naudsynt å dispensere frå verneføresegnene. Likeså kan det kome opp situasjonar der ein ser verdien for samfunnet av eit konkret tiltak å vere så stor at ein gjer unntak frå vernet. Det er viktig å merke seg at desse unntaka skal vurderast opp mot føremålet med vernet. Ein ønskjer ikkje å gjere unntak for inngrep som er nemnd under punkt 1.

9. Skjøtsel

I kapittel 7 er det omtala korleis ein tenkjer seg ein forvaltningsplan utarbeidd. Det er føresetnaden at forvaltningsplan vert utarbeidd i samråd med berørte partar. Forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon og rådgjeving er viktige element i ein forvaltningsplan som krev ei grundig utgreiing.

11. Forvaltning

I kapittel 7 er ein forvaltningsmodell for heiområdet drøfta. Forvaltningsmodellen opnar for at kommunar kan bli tillagt ansvar for enkelte oppgåver i samband med forvaltninga av området. Det formelle ansvaret for forvaltninga av reglane for området vert lagt til fylkesmennene i Aust-Agder og Vest-Agder. Dette vil seie at den einskilde fylkesmann har ansvar for areala i sitt fylke.

6.3 Biotopvernområde

Den framlagte forskrifta for biotopvernområdet gjeld *Vatnedalsheii, Steinheii, Breidvatn og Steinsbuskardet*. Om ein veljer å skipa landskapsvernområde for desse områda istaden, vil områda få ferdsleforskrifter i sonene som tilsvarer det som er føreslege for biotopvernområdet.

III

FØREMÅLET

Føremålet med biotopvernområdet uttrykkjer kvifor ein har oppretta verneområdet og vil bli tillagt stor vekt ved praktisering av verneforskriftene og i forvaltningsspørsmål. Dette gjeld til dømes når forvaltningsstyresmakta skal gjere skjønnsmessige vurderingar og dispensera frå vernereglane.

Føremålet uttrykker at ein vil sikre sentrale leveområde for villreinen, område som er i bruk store deler av året og som utgjer nøkkelbiotopar i kalveperioden og under trekk. Siktemålet er å hindra tiltak, aktivitetar og inngrep som kan vera eit trugsmål mot kvaliteten av desse viktige funksjonsområda.

I føremålet har ein ikkje teke med bruken av området til ulike føremål. Deler av det føreslegne biotopvernområdet har stor verdi for friluftslivet. Ålment friluftsliv er likevel ikkje teke med som eit eige punkt i føremålsparagrafen. Etter gjeldande regelverk kan ikkje friluftsliv åleine vera motiv for oppretting av biotopvernområde. Som det framgår av vernereglane elles er omsynet til friluftslivet teke vare på i desse.

Det er heller ikkje teke med noko i føremålet om næringsutnytting. I planprosessen er det brei semje om at heiområdet skal vera ein del av ressursgrunnlaget for bygdene. Dette er likevel ikkje teke med som eit direkte føremål for verneområdet. Som det framgår av vernereglane elles er omsynet til at den tradisjonelle utmarksbruken av heiområdet skal vidareførast teke vare på i vernereglane som for friluftslivet.

V

VERNEREGLAR

1. Naturmiljøet

Alle fysiske inngrep som vesentleg kan endre livsvilkåra negativt for villreinen er forbodne. Om eit inngrep er vesentleg vil vere eit skjønnsproblem. Omsynet til villreinens bruk av området vil gjere at også midlertidige inngrep kan reknast for vesentlege. I opplistinga i pkt. 1.1. er tekne med både inngrep som direkte skiplar villreinens områdebruk eller indirekte utløyser aktivitet og forstyrring. Reglane for den tradisjonelle områdebruken er gjevne i pkt. 1.2. Området skal framleis nyttast som ressursgrunnlag for bygdene. Slik heia framstår i dag er

og eit resultat av lang tids bruk. For å oppretthalde heiområdet sitt særpreg må denne bruken halde fram.

Ordet *tradisjonell* er teke med i pkt. 1.2.a. for å framheve at ein ynskjer at tradisjonell bærekraftig utnytting av området skal halde fram. Ein veit at heiområdet i tidlegare tider har vore så sterkt utnytta at det gjekk ut over naturgrunnlaget. Ein må difor vakte seg for at ein på ny kjem i ein slik situasjon.

Det er mange som har beite-, jakt-, og fiskerettar i heiområdet. Desse rettane vert det ikkje rokka ved. Med desse rettane fylgjer ikkje utan vidare retten til å nytta ny teknologi og driftsmåtar som medfører meir inngrep og uroing. Ordet *tradisjonell* kan difor stå i motsetning til «tidsmessig». I alle høve om ein med tidsmessig meiner den til ei kvar tid tilgjengelege teknologi og driftsmåte.

Med vedlikehald av bygningar, vegar og anlegg i pkt. 1.2.b, meiner ein normalt vedlikehald som opprettheld standarden på vernetidspunktet, men ikkje ombygging, opprusting, utviding og standardheving.

For dei skogkledde partia innan biotopvernområdet er det meininga å praktisera hogst og skogskjøtsel i tråd med vernskogforskriftene, jfr. pkt. 1.2.c. Motorisert transport av virke krev løyve etter pkt. 4.3.a.

Som nevnt under «Føremål» kan ein ikkje ha i føremålet til eit biotopvernområde at områda skal nyttast til naturoppleving for ålmenta. Ein har teke med punkt 1.2.d. for å synleggjere at den tradisjonelle friluftslivet skal halde fram. Det er viktig å leggje merke til at ålmenta si naturoppleving ikkje må stri mot verneføremålet, det er då i fyrste rekkje uroing av villreinen ein tenkjer på.

Einskilde stiar i området ligg uheldig til av omsynet til villreinens arealbruk jfr. pkt. 1.2.e. Vedlikehald av slike vil bli vurdert i samband med søknader om remerking.

Innafor dei foreslåtte grensene ligg det fleire mindre reguleringsmagasin med relativt låg reguleringshøgde. Kraftselskapa skal framleis regulere desse etter gjeldande konsesjonsvilkår og halde vedlike dei tekniske innretningane (pkt.1.2.f.).

Unntaksbestemmelsar for oppattbygging av bygningar er gjevne i pkt. 1.3.a.

Ved oppattbygging av stølsbuer o.l som skal nyttast som oppholdstad for folk, vil ein ikkje tillate omdisponering av bygningar brukt som opphaldsrom for husdyr og lagerplass for fôr, eksempelvis fjøs og høyløer. Oppattbygging er berre aktuelt for bygningar med eldstad som har vore brukt som opphaldstad for folk. Plasseringa av stølsbua e.l. vil verte vurdert særskild i forhold til villreinens områdebruk, og flytting kan verte sett som vilkår for oppattbygging.

Når det gjeld mindre tilbygg til eksisterande bygningar (pkt. 1.3.b) meiner ein mindre bygningsmessige utvidingar som ikkje medfører bruksendring. Det vil ved søknadshandsaminga og leggjast vekt på utforming, materialar og lokal byggeskikk. Ein gjer merksam på at byggjesaker jfr. verneføresegnene 1.3, a og

b og krev handsaming av kommunale bygningsstyresmakter på vanleg måte. Desse kan setje særlege krav ut over det som vert gjeve i løyve frå forvaltningstyresmakta for verneområdet. Utforminga av bygningar må skje i samråd med fylkeskonservatoren.

Turløypenettet i området er etter måten godt utbygd. Eventuelle nyetableringer (pkt. 1.3.c) vil verte nøye vurdert, særleg i forhold til villreinen sin områdebruk. Det vil i desse områda verte lagt til grunn ei streng vurdering av verknadene av nye hytter og løyper. Endring og flytting av eksisterande hytter og løypenett kan være aktuelle vilkår for fornying av løypenettet og etablering i nye område.

2. Beitebruk

Det er reist spørsmål om beitetrykket er så høgt at det påverkar beiteforholda for rein og småvilt. Det må leggjast fram naturvitenskaplege prov på at dette er tilfelle før det er aktuelt å redusere talet på beitedyr. Om ein ikkje får dette til ved friviljuge avtaler foreslår ein at Direktoratet for naturforvaltning regulere talet ved forskrift.

3. Ferdsla

Ein ser føre seg at presset på heiområdet aukar mellom anna frå organisert turisme, bygdeturisme, friluftsliv o.l. For at villreinen ikkje skal verta skadelidande ser ein det som naudsynt med einskilde reglar for å regulere ferdsla i biotopvernområdet.

For å gi reinen ro på kalvingsplassane, er all ferdsla forbode i kalvingssonene i tidsrommet f.o.m. 25. april t.o.m. 31.mai, jfr. pkt. 3.2. I trekkområda for villrein skal all ferdsla ta særskild omsyn til villreinen. I Steinsbuskardet som er den einaste passasjen for villreinen mellom nord og sør i villreinområdet er all ferdsla forbode heile året utanom merka løype (pkt. 3.3.).

Unntak frå det generelle ferdslforbodet (pkt. 3.4.) er ferdsla som følger merka løype som er godkjent av forvaltningsstyresmakta. Slik situasjonen er no, vil det seie STF og KOT sitt løypenett og einskilde andre løyper som vert oppkøyrd mellom anna ut frå Hovden. I tillegg er det eit generelt unntak for ferdsla som er naudsynt i samband med sanking og tilsyn av sau og ved akutt behov for tilsyn og vedlikehald av kraftanlegg. Naudsynt ferdsla i samband med sauebeite reknast normalt tilsyn og sanking. Med akutt behov meiner ein behov for ferdsla som oppstår p.g.a. skader eller fare for skader. Det vil seie at ferdsla i samband med normalt tilsyn av kraftanlegg skal leggjast utanom dei fastsette tidsperiodane.

I heiområdet går det føre seg ei rekke arrangement av ulike slag (pkt. 3.1.) Dette tener fleire gode hensikter og vil i all hovudsak kunne halde fram. Men for å unngå ei ukontrollert bruk av biotopvernområdet, og for å kunne styre desse arrangementa utanom sårbare områder og tidsrom, foreslår ein at arrangørar av større organiserte arrangement skal søkje om løyve (pkt. 3.5.). Grensa for større arrangement vil ein setje ved 10 personar. Det kan verte aktuelt og gje løyve for ei rad arrangement på søknad frå ein arrangør, og ikkje berre arrangement enkeltvis.

4. Motorisert ferdsle

Det er eit mål at det berre skal foregå høgst naudsynt motorferdsle i biotopvernområdet (pkt. 4.1.). Ein foreslår difor at motorferdsle til lands og til vanns, herunder landing med luftfartøy, er forbode. Med landing meinest her også henting og bringing av passasjerar og gods sjølv om landing i eigentleg forstand (direkte bakkekontakt) ikkje skjer. Eit generelt unntak er landing med motordreive luftfartøy for henting av felt storvilt på/ved dei nemde innsjøane. Dei føreslegne vatna er dei same som kommunen etter no gjeldande forskrifter har landingsløyve for. Det er nødvendig for kommunen å endra motorferdselsforskriftene, herunder snøscootertrasear, i tråd med verneforskriftene for biotopvernområda.

Utover dette (pkt. 4.3.) kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til luft- og snøscootertransport som trengst i samband med beitebruk, t.d. frakting av gjerdemateriale, til frakt av felt storvilt og til kalking. Vidare til transport som trengst ved tilsyn av kraftanlegg og transport av materialer til hytter, klopper m.v. og av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer.

Før eventuell løyve vert gjeve, skal transportbehovet vurderast mot moglege skader og ulemper og i forhold til eit mål om å redusere motorferdsle til eit minimum. Alternative transportmetodar og kombinerings av fleire transportbehov skal også vurderast.

En ser føre seg ei praktisering for utdeling av løyve i verneområdet som liknar på ei streng praktisering av motorferdsellova elles.

For at det skal vera mogleg for oppsynet å kontrollere luftferdsle i området skal all lufttransport meldast til oppsynet før transporten startar.

5. Militær operativ verksemd og andre offentlege tiltak

Denne regelen er felles for alle verneområda i Noreg. I forsvaret sin eigen definisjon av «militær operativ verksemd» ligg ikkje normal øvingssverksemd. Oppdrag i samband med ambulans-, politi-, brannvern-, sikrings-, oppsyn og forvaltning må og kunne gjennomførast uavhengig av vernereglane. I oppsynssamanheng må den generelle aktsemda til uroing av dyrelivet ivaretakast.

6. Unntak i særskilte høve

Det kan i einstilte høve vere formålstenleg å nytte områda til forskning. I den samanheng kan det vere naudsynt å dispensere frå verneføresegnene. Likeså kan det kome opp situasjonar der ein ser verdien for samfunnet av eit konkret tiltak å vere så stor at ein gjer unntak frå vernet. Det er viktig å merke seg at desse unntaka skal vurderast opp mot føremålet med vernet.

7. Informasjon

I alle større innfallsportar (vegar, løyper, parkeringsplassar o.l.) skal det setjast opp informasjonstavler om biotopvernområdet.

8. Forvaltning

I kapittel 7 er ein forvaltningsmodell for heiområdet drøfta. Forvaltningsmodellen opnar for at kommunen kan bli tillagt ansvar for enkelte oppgåver i samband med forvaltninga av området. Det formelle ansvaret for forvaltninga av reglane for området vert lagt til fylkesmannen i Aust-Agder.

7. FORVALTNINGSMODELL

I fleirbruksplanen er det foreslått eit heistyre med mynde i den framtidige forvaltning av heiområdet. Miljøverndepartementet gjer det klart i brev av 14. november 1994 at forvaltninga av verneområdet etter naturvernlova vil vere eit statleg ansvar og at ein etter gjeldande praksis ikkje kan gjere rekning med å få overført direkte forvaltningsmynde for enkeltvedtak til kommunene eller til eit eige heistyre som foreslått i fleirbruksplanen. Departementet ser likevel positivt på etablering av eit rådgjevande kontaktorgan på lokalt nivå. Vidare streker departementet under at det er viktig med lokal medverknad både under utarbeiding av forvaltningsplan og gjennomføring av tiltak i samsvar med planen, noko og Stortinget var oppteken av i samband med handsaminga av stortingsmeldinga om nye nasjonalparker.

I fleire større verneområde her i landet er det oppretta eit rådgjevande organ som har ein funksjon i forvaltninga av området. Det er fleire modellar for dette. Felles for alle stadene er at arbeidsområdet er knytt berre til område som er verna etter naturvernlova.

For Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane må heile fylkesdelplanområdet sjåast på som eit område uavhengig av kva lovverk som gjeld. Difor vert det her presentert ei skisse til forvaltningsmodell som gjeld både verneplanområdet og fylkesdelplanområdet.

I slutthandsaminga av fleirbruksplanen gjekk styringsgruppa inn for stor grad av lokal forvaltning for å oppnå respekt og forståing for vernet. Dette gjev signal om å finne ei god ansvars- og myndedeling mellom stat, fylkeskommunar, kommunar, rettighetseigarar og oppsynet.

Miljøverndepartementet skriv i St.meld. nr. 62 (1991-92):

"Departementet vil arbeide for utprøving av nye modeller for lokal forvaltning av verneområder på privat grunn unntatt for nasjonalparker. Departementet vil likevel påpeke at det formelle forvaltningsansvaret også for denne type verneområder skal ligge hos de respektive fylkesmenn".

I arbeidet med forvaltningsmodellen må det leggest vekt på å finne ein modell med lokal deltaking og klar plassering av ansvar mellom:

1. Statleg forvaltarmynde
2. Fylkeskommunar
3. Kommunar
4. Heiråd
5. Oppsyn

1. Statleg forvaltarmynde

Forvaltning av område som er verna etter naturvernlova, er eit statleg ansvar. Det overordna mynde ligg i Direktoratet for naturforvaltning. Fylkesmannen er

utøvande forvaltningsmynde. I nasjonalparkar og andre større verneområde er det meininga å oppretta ein eller fleire stillingar som nasjonalparkforvaltarar som geografisk er plasserte lokalt. Den daglege forvaltninga kan leggjast til slike stillingar.

2. Fylkeskommunar

Utanfor området som vert verna etter naturvernlova og viltlova er det viktige areal med stor verdi mellom anna som leveområde for villreinen. Ved bruk av plan- og bygningslova gjennom fylkesdelplan for å samordne bruk og vern av desse områda, må fylkeskommunane sjå til at dette blir fylgt opp i kommunane.

Dette samordningsansvaret har og mykje å seie for å avstemme forvaltningsplanen opp mot planføresegnene i fylkesdelplanen og kommunale arealplanar.

3. Kommunar

Kommunane har ansvaret i ytre planområde. Kommunane kan bli tillagt ansvar for enkelte oppgåver i samband med forvaltninga av verneområda. Dette avheng av kommunane sin kompetanse og kapasitet. Det er særskild viktig med lik praksis i forvaltninga av heiområda.

Det kan opplystast at staten har delegert forvaltninga for Vormedalsheia og Lusaheia landskapsvernområde til Hjelmeland kommune som ei prøveordning under MIK-programmet (miljøvern i kommunane).

Eit særskild viktig ansvar for kommunane er å forvalte områda som ligg i kring verneområda. Gjennom samordna planlegging vil forholdet mellom bruk og vern kunne finne heldige løysingar.

4. Heiråd

Ved at ein nå tek sikte på å få gjort vedtak om vern etter naturvernlova og viltlova og ein godkjend fylkesdelplan, vil ein få eit godt grunnlag for framtidig forvaltning. I praktiseringa av vernereglane og planføresegnene vil det vere naudsynt å drøfte framtidig bruk og vern av heia med dei berørte partar. Det er mange brukerinteresser og området ligg i tre fylke og 12 kommunar. For å ta vare på heilskapen er det viktig at det vert mest mogleg lik praksis frå kommune til kommune. Det er difor sterkt ønskeleg å ha eit organ for slik drøfting og rådslaging.

I St.meld. nr. 62 (1991-92) står det om nasjonalparkforvaltninga:

"Departementet ser positivt på forslaget om rådgivende kontaktutvalg, men mener at spørsmålet må vurderes konkret ved behandlingen av hvert enkelt verneforslag. Departementet mener at slike rådgivingsorgan i første rekke bør komme på tale for de nasjonalparker hvor friluftslivet er et delmål i forvaltningen".

I samband med forvaltninga av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane vil det vere formålstenleg med eit slikt utvalt, gjerne kalla heiråd. I Rogaland er slike kontaktutval allereide oppretta for verneområda i Hjelmeland. Forholdet mellom eit kontaktutval for heile området, kalla heirådet og dei lokale kontaktutvala i Rogaland bør vurderast nærare. Når fylkesdelplanen er godkjend og det er gjort vedtak om vern, må det utarbeidast ein detaljert forvaltningsplan for heile området. Forvaltningsplanen må og reviderast med jamne mellomrom. Eit heiråd vil ha ei viktig oppgåve i arbeidet med forvaltningsplanen.

Dersom alle som har interesse i området skal med, vert heirådet svært stort, og kan difor ikkje samlast ofte. Særleg den fyrste tida kan ein tenke seg at heirådet nokså jamnt må kome saman for å kunne ta aktivt del i arbeidet. Dette gjer det naudsynt å ha et heiråd som ikkje er for stort. Dersom det vert valgt eit heiråd der ikkje alle er direkte representert, kan ein vurdere å halda større heikonferansar der alle interesserte vert invitert for å utveksle erfaringar og komme med innspel til forvaltninga.

Heirådet må vere samansett av oppnevnte representantar frå offentlege organ, rettighetseigare og interesseorganisasjonar. Heirådet skal vera eit rådgjevande organ for forvaltningsstyresmaktene. Heirådet skal gje råd om forvaltning og bruk av både indre og ytre planområde. Rådet må trekkjast aktivt med i utarbeidinga av ein forvaltningsplan, og gi råd i samband med årsplanar og årsmeldingar frå dei som har forvaltarmynding i området.

Sekretariatsansvaret bør leggjast til fylkesmannen (miljøvernavdelinga) for saker som gjeld verneområda, og til fylkeskommunen for saker som gjeld ytre planområde. Sekretariatet skal stå for samordning og tilrettelegging for forvaltningsoppgåvene og førebu saker for heirådet i de respektive områda.

Heirådet kan ha 8-10 medlemmer og vera samansett slik:

- | | |
|-----------------------------------|-----------------------------|
| A. Kommunane | 3 rep |
| B. Fylkeskommunane | 1 rep |
| C. Grunneigarar/rettighetseigarar | 3 rep (inkl Statskog 1 rep) |
| D. Interesseorganisasjonane | 2 rep |

Det enskilde organ velgjer sjølv sine medlemmer til heirådet.

5. Oppsyn

For å sjå til at bruk og forvaltning av heiområdet skjer i samsvar med verne- og planvedtak, må det vera eit oppsyn. Dette er spesielt viktig i samband med ferdslø, jakt og fiske. Forvaltningsplanen skal gje konkrete føringar for korleis oppsynstjenesta skal arbeide. Oppsynsordningane må utformast i samsvar med opplegget til Statens Naturoppsyn.

Oppsynet kan utføre oppdrag på "entreprenørbasis" for forvaltningsstyresmakta. I valg av slik teneste må det leggjast vekt på organisasjon, kompetanse, kunnskap om lokale forhold, og evne og vilje til samarbeid med partane. Det er viktig med

klare instruksjonar og at oppgåvene som skal utførast, blir likt gjennomført i heile området.

Oppsynstenesta må ha avgrensa politimynde, vera godt utrusta og ha nært samarbeid med politi (lensmennene).

8. LITTERATUR

- Dahl, E., R. Elven, A. Moen og A. Skogen. 1986. Vegetasjonsregionkart over Norge 1:1.500.000. Nasjonalatlas for Norge. Statens kartverk.
- Danielsen, A. 1971. Skandinavias fjellflora i lys av senkvartær vegetasjonshistorie. *Blyttia* 29.
- DN 1992. Truede arter i Norge. Norwegian Red List. DN-rapport 1992-6. Trondheim.
- Fremming, O.R. 1980. Kongeørn i Norge. Viltrapport 12. Direktoratet for Naturforvaltning. Trondheim.
- Hansen, J.H. 1986. Forslag til forvaltningsplan for fisk i Njardarheim veidemark. Fylkesmannen i Aust-Agder, miljøvernnavdelingen, rapp. nr. 14, 1986.
- Haraldstad, Ø. og T. Næsje. 1986. Bekkerøyeundersøkelser i Njardarheim. Fylkesmannen i Vest-Agder, miljøvernnavdelingen, rapp. nr. 2, 1986.
- Henriksen A., T. Hesthagen, H. M. Berger, L. Kvenild og S. Taubøll. 1993. Tålegrenser for overflatevann. Sammenheng mellom kjemiske kriterier og fiskestatus. Naturens tålegrenser. Miljøverndepartementet, fagrapp. 36.
- Hettervik, G.K. 1993. Prosjekt energi. Fleirbruksplan for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane. Rogaland fylkeskommune.
- Holte, G., G. Nordheim og A. Frøysli. 1985. I Egerhei, T. (red). Tungmetaller hos vilt i Norge. Foredrag på seminar om sur nedbørs virkning på skog og fauna. Norsk landbruksakademikerforbund, Agder krets og Miljøverndepartementet. Kristiansand.
- Homme, H. og L. Veum. 1986. Heirådet Setesdal-Ryfylke. Framlegg til mål og retningslinjer for arealbruk. Rapport frå ei planfagleg rådgjevingsgruppe for heiområdet Setesdal-Ryfylke oppnemnd etter initiativ frå fylkesmennene i Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland.
- L'Abée-Lund J.H. 1985. Fiskeundersøkelser i Njardarheim. Forprosjekt for forvaltningsplan. Fylkesmannen i Aust-Agder, miljøvernnavdelingen rapp. nr. 5, 1985.
- Mauland, E. 1993. Prosjekt Næring. Fleirbruksplan for SetesdalVesthei- Ryfylkeheiane. Vest-Agder fylkeskommune.
- Meli, J.J. 1989. Radioaktivitet i vilt. *Villreinen* 3. årg. Os i Østerdalen.
- NOU. 1974:39. Fjellplan for Setesdal Vesthei. Universitetsforlaget, Oslo, Bergen, Tromsø.
- NOU. 1986:13. Ny plan for nasjonalparker. Universitetsforlaget, Oslo.
- NOU. 1989: 10. Om flersidig skogbruk. Universitetsforlaget.
- NOU. 1991: 12 A. Verneplan IV for vassdrag. Kontaktutvalget for vassdrag. Miljøverndepartementet.
- NUB. 1977:34. Nordisk Utredningsserie. Naturgeografisk regioninndeling i Norden. Stockholm.
- Ot.prp. nr. 9 (1980-81). Miljøverndepartementet. Om lov om viltet.


- Ousdal, J.-O. og Ø. Haraldstad. 1988. Utsetting av bekkerøye i Rosskreppfjorden. Rapport fra kontrollfisket i 1986. Fylkesmannen i Vest-Agder, miljøvern avdelingen, rapp. nr. 1, 1988.
- Pfaff, A. 1993. Bestandsstørrelse, reproduksjon og næringsvalg hos kongeørn *Aquila chrysaetos* i Aust-Agder. Hovedoppgave, Universitetet i Oslo (upub.).
- Pfaff, A og R. Bengtson. 1995. Truete virveldyr i Aust-Agder. Biologisk institutt, Universitetet i Oslo.
- SFT 1988. Statlig program for forsuringsovervåking. 1000-sjøers undersøkelsen 1986. Fiskestatus. SFT rapport 313/88.
- Skåtan, J.E. 1993. Prosjekt Ferdsla. Fleirbruksplan for Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane. Vest-Agder fylkeskommune.
- St. meld. nr. 13. (1992-93). Om FN-konferansen om miljø og utvikling i Rio de Janeiro. Miljøvern departementet 1993.
- St. meld. nr. 40. (1986-87). Om friluftslivet. Miljøvern departementet
- St. meld. nr. 62. (1991-92). Ny landsplan for nasjonalparker og andre større verneområder. Miljøvern departementet 1992.
- St. prp. nr. 4. (1972-73). Om verneplan for vassdrag. Miljøvern departementet.
- St. prp. nr. 8. (1992-93). Landbruk i utvikling. Landbruksdepartementet 1993.
- St. prp. nr. 77. (1979-80). Verneplan II for vassdrag. Olje- og energidepartementet.
- St. prp. nr. 89. (1984-85). Verneplan III for vassdrag. Olje- og energidepartementet.
- St. prp. nr 118. (1991-92). Verneplan IV for vassdrag. Olje- og energidepartementet.
- Statens Kartverk-Aust-Agder. 1985. Inngrepsfrie naturområder. Upublisert arealstatistikk.
- Åsen, P.A. 1995. Setesdal vesthei - vegetasjon og flora. Agder naturmuseum og botanisk hage. Kristiansand. Under utarbeiding.

INNGREP


- Bygning
- Vegnett
- Kraftlinje
- Dam
- Regulert vatn

- Verneforslag i denne planen
- Eksisterande verneområde
- Andre verneforslag i Rogaland

Mst. 1:360.000 Utteikna: 23-AUG-1995



Datagrunnlag: Fleirbruksplanen



KULTURMINNE


- Veiding Steinalderbuplass, heller, fangstanlegg m.v.
- Jernalderbuplass
- Jernvinneanlegg
- Tidlegare gruve eller skjerp
- Tidlegare støl
- Tidlegare driftelege
- Tidlegare gard
- Gammal ferdselsveg
- Verneforslag i denne planen
- Eksisterande verneområde
- Andre verneforslag i Rogaland

Mst. 1:360.000 Utteikna: 23-AUG-1995



Datagrunnlag frå fleirbruksplanen v. T.N.Hageland Oppdatert mars 1995

Asplan Viak



SETESDAL VESTHEI RYFYLKEHEIANE

URØRTE NATUROMRÅDE

OMRÅDE UTAN TYNGRE TEKNISKE INNGREP

- 1-3 km frå inngrep
- 3-5 km frå inngrep
- Meir enn 5 km frå inngrep (Kvalifisert villmark)

- Verneforslag i denne planen
- Eksisterande verneområde
- Andre verneforslag i Rogaland


Mst. 1:360.000 Utteikna: 23-AUG-1995

0 5 10 15 20 km

NORD

Datagrunnlag: Statens Kartverk Aust-Agder 1995

Asplan Viak





SETESDAL VESTHEI RYFYLKEHEIANE VILLREINENS OMRÅDEBRUK

- Vinterbeite (+ sommarbeite bukk)
- Sommarbeite
- Vinter- og sommarbeite
- Trekkveggar
- Kalvingsområde

- Verneforslag i denne planen
- Eksisterande verneområde
- Andre verneforslag i Rogaland

Mst. 1:360.000 Utteikna: 23-AUG-1995





Kvanndalen
landskapsvernområde
på sentral handsaming

Holmevassåna
biotopvernområde
på sentral handsaming

SULDAL

Dyrhaeio
landskapsvernområde
på sentral handsaming

Dyreheii

Breidvatn

Vidmyr
naturreservat

Hovden
landskapsvernområde

Vamedalsheii

BYKLE

Steinsbuskardet

Steinheii

Auråhorten

Lusaheia
landskapsvernområde


Rjuven

VALLE

Lyseheiane

Borsteinen

SIRDAL



SONER MED FERDSLEREGULERING

- 1 STORENOS
- 2 VATNEDALSHI
- 3 STEINHEII-RATEVASSNUTEN
- 4 SVARVAREN
- 5 BREIDVATN
- 6 URARÅGJUDET
- 7 VASSDALSNUTEN-MIDTHEIA
- 8 STEINSBUSKARDET
- 9 SVARTELOKFJELLET
- 10 VARDSVATN-KVISLEVASSNUTEN
- 11 ANDERSVATNET-BØRSTEINVATNET

AREALFORDELING

Kvadratkilometer land- og sjøareal innfor verneområdet

BYGLAND	312.7
BYKLE	895.0
HÆGEBOSTAD	89.4
KVINESDAL	95.9
SIRDAL	348.3
VALLE	498.4
ÅSERAL	226.6
FORSAND	36.8
TOTALT	2503.1

SETESDAL VESTHEI RYFYLKEHEIANE

VERNEPLAN

HØYRINGSUTKAST FOR BRUK AV NATURVERNLOVA OG VILTLOVA

- Forslag biotopvernområde
- Forslag landskapsvernområde
- Forslag nasjonalpark
- Verneforslag i denne planen
- Eksisterende verneområde
- Andre verneforslag i Rogaland
- Fylkesgrense
- Kommunegrense
- Ferdsleregulering - Kalvingssoner villrein
- Ferdsleregulering - Trekksoner villrein

DATAGRUNNLAG:
 Verneplanutkast datert 28.8.1992
 Korrigert for Rogaland 19.06.1995
 Korrigert for Aust-Agder 19.06.1995

Mst. 1:200.000 Utteikna: 23-AUG-1995

NORD

Fylkesmannen i Aust-Agder
 Fylkesmannen i Vest-Agder
 Fylkesmannen i Rogaland